

# Utviklingstrekk i Askvoll

KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR KOMMUNAL PLANSTRATEGI  
OG AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

Vedtatt i styringsgruppa for arealdelen av kommuneplanen 25.09.2024



# INNLEIING

«Utviklingstrekk i Askvoll» skal hovudsakleg nyttast som grunnlag for arbeid med mål, strategiar og planoppgåver i samband med kommunal planstrategi i Askvoll kommune. Kommunen skal vurdere om kommuneplanen sin samfunnsdel og/eller arealdel og andre planar har behov for revisjon.

Ein viktig del av grunnlaget for å vurdere om kommuneplanen skal reviderast er utviklingstrekka og utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon, erfaringane med gjeldande kommuneplan, og i kva grad det nye kommunestyret ønskjer ein ny eller endra politikk for kommunen.

## Innhald og inndeling

Kunnskapsgrunnlaget er saman med *Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2023-2027* og «*Bustadplan Askvoll 2024-2030*» (under arbeid) ein viktig del av kommunen sitt folkehelse-, økonomi- og planleggingsarbeid. Dokumentet tar utgangspunkt i nasjonal, regional og lokal statistikk for å forsøke å skape eit bilet av kommunen. Det er lagt vekt på å forsøke å få fram kva som er status i dag og kva utfordringar som kan kome i framtida. Data er henta frå SSB, Vestland fylkeskommune, FHI, Miljødirektoratet, IMDI, Kommuneprofilen.no, Kommunebarometeret, Telemarksforsking, kommunale rapportar m. fl.

Dokumentet er delt i fire hovudtema: Kven er vi, kvar bur vi, kva gjer vi og korleis har vi det? Til slutt i dokumentet vert utfordningsbiletet for Askvoll kommune summert opp.

## Tolking av data

Statistikk kan ha viktig nytteverdi i mellom anna det kommunale folkehelsearbeidet, men det er òg visse utfordringar knytt til bruk og tolking av data.

På grunn av lite datagrunnlag kan variasjonar gjere at mindre kommunar får utfordringar med utarbeiding og tolking av statistiske data. Tilfeldige variasjonar frå år til år kan gje store utslag, og når variasjonane er store er det vanskeleg å vurdere trendar. Av den grunn brukast ofte eit glidande gjennomsnitt, som er ein middelverdi over fleire år. Ein må også ta i betraktning at talverdi i ein del figurar ikkje alltid startar på null. Figurar og diagram er meint å tydeleggjere skilnader, men kan òg skape eit bilet av at skilnadane er større enn dei faktisk er.

Statistikk gjev ofte eit grunnlag for undring og spørsmål, meir enn fasitsvar og løysingar. Det er derfor naudsynt å diskutere kva som eventuelt ligg bak tala før det kan konkluderast med at ein står ovanfor ei utfordring eller noko positivt som kan byggast vidare på.

Askvoll kommune, september 2024.

# INNHOLD

## Kven er vi?

1. Folketalsutvikling	s. 3
2. Fødselsoverskot og innflytting	s. 3
3. Innvandring	s. 4
4. Krinsvise endringar	s. 4
5. Framskriving av folketalet	s. 5
6. Framskriving av eldre	s. 6
7. Framskriving av barn og unge	s. 6
8. Forsørgerjarbyrde	s. 7
9. Gjennomsnittsalder til befolkninga	s. 7

## Kvar bur vi?

10. Busetnadsmønster	s. 8
11. Korleis bur innbyggjarane?	s. 9
12. Butilhøve	s. 9
13. Bustadbygging	s. 10
14. Bustadomsetnad	s. 10
15. Bukostnadar	s. 11
16. Bustadstorleik	s. 11
17. Framtidig bustadbehov	s. 12
18. Fritidsburstader	s. 13
19. Vassforsyning	s. 13
20. Breiband og mobildekning	s. 14
21. Kollektivtilbod	s. 14
22. Kommunale vegar	s. 15
23. Bilparken og ladepunkt	s. 15
24. Hamneanlegg m.m.	s. 16
25. Skipsfart	s. 17
26. Arealressursar og nedbygd areal	s. 18
27. Verna områder	s. 18
28. Naturmangfold	s. 19

## Kva gjer vi?

29. Jordbruksareal	s. 19
30. Klimagassutslepp i Askvoll	s. 20
31. Klimagassutslepp i Norge	s. 20
32. Klimagassopptak	s. 21
33. Kommunale tal for energibruk	s. 21
34. Forventa klimaendringar for Askvoll	s. 22
35. Klimarisiko for viktige næringar i Askvoll	s. 23
36. Næringsstruktur og sysselsetting	s. 24
37. Næringsvariasjon	s. 24
38. Fordeling off. og privat sektor	s. 24
39. Tal på sysselsette i private bedrifter	s. 25
40. Sysselsetting og arbeidsdeltaking	s. 25
41. Gjennomsnittsalder på sysselsette	s. 26
42. Arbeid for ungdom	s. 26
43. Arbeidsledige	s. 26
44. Likestilling mellom kjønna	s. 27
45. Arbeidsplassdekning og pendling	s. 27
46. Pendlingsmønster	s. 28
47. Nyetablerte selskap	s. 28
48. Kommunale næringsrelaterte kostnader	s. 29
49. Næringskostnader i forhold til næringsstruktur	s. 29
50. Kommunalt næringsfond	s. 30
51. Utdanningsnivå	s. 30
52. NHO - Kommune-NM	s. 31
53. Omsetnad i varehandel	s. 32
54. Marin og maritim næring	s. 32
55. Jordbruk og husdyr	s. 33
56. Reiseliv og turisme	s. 33
57. Barnehage – nøkkeltal	s. 34

58. Grunnskule -nøkkeltal	s. 35
59. Framtidig barnehage- og elevtal	s. 36
60. Bibliotek	s. 36
61. Kulturskule	s. 36
62. Kultur – kommunale nøkkeltal	s. 37
63. Norsk kulturindeks	s. 37
64. Helse- og omsorg – nøkkeltal	s. 38
65. Helse- og omsorg – Utfordringar	s. 38
66. Helse- og omsorg – forts.	s. 39
67. Kommuneøkonomi – nøkkeltal	s. 40

## Korleis har vi det?

68. Folkehelse i Askvoll	s. 41
69. Befolknings- og familiesamsetnad	s. 42
70. Utanforskap	s. 42
71. Gjennomføringsgrad vidaregåande skule	s. 43
72. Sjukefråvær	s. 43
73. Stønad til livsopphald	s. 43
74. Låginntekt og økonomiske skilnader	s. 44
75. Barnevern	s. 44
76. Ungdata undersøking 2024	s. 45
77. Nedgang i trivsel og framtidstru	s. 45
78. Auke i bruk av alkohol og narkotika	s. 46
79. Fleire rapporterer om psykiske plager	s. 46
80. Auke i skjermbruk og SOME	s. 47
81. Dårlegare skåre på livskvalitet	s. 47
82. Helse og søvnproblematikk	s. 47
83. Mindre deltaking i org. aktivitetar?	s. 47
84. Oppvekstprofil	s. 48
85. Folkehelseprofil	s. 49

## Samandrag av utfordringsbiletet

## 1. Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga er avgjerande for samfunnet og næringslivet. Innvandring, flytting, fødsel og død er komponentane som skapar vekst og nedgang i folketalet. Kor folk bur og jobbar skapar mobilitet.

Ved inngangen av 1. kvartal 2024 hadde Askvoll kommune 2986 innbyggjarar. Det er ein auke på 27 personar frå inngangen av 1. kvartal 2023. Mykje av årsaka skyldast busetting av flyktningar frå Ukraina.

Folketalet i Askvoll kommune gjekk ned med nesten 400 personar frå tidleg på 2000-talet fram til 2010. Frå 2010 har folketalet stort sett vore stabilt kring 3000 innbyggjarar med ein topp i 2017 på 3065 personar. Etter 2017 har folketalet igjen gått noko nedover.

Folketalsutvikling i Askvoll




Figuren syner folketalet ved inngangen av fyrste kvartal i perioden 2000-2024.  
Kjelde SSB, tabell 06913.

## 2. Fødselsoverskot og innflytting

Sogn og Fjordane har hatt ei befolkningsvekst på 0,16 prosent per år i den siste 10-årsperioden, og det har vore eit fødselsoverskot på 0,04 prosent per år i perioden. Askvoll har i 10-årsperioden hatt fødselsunderskot kvart år. Det vil seie at det dør fleire personar enn det vert fødd. Tala/trendlina syner at fødselsunderskotet er svakt aukande i 10-års perioden.

I same periode har Askvoll stort sett hatt positiv nettoinnflytting. Nettoinnflytting vil seie innflytting minus utflytting, inkludert inn- og utvandring. I 2019, 2020 og 2021 hadde kommunen større utflytting enn innflytting, medan vi i 2022 og 2023 har fått mange folkeregistrerte flyktningar som gjev positiv nettoinnflytting.

Fødselsoverskot og innflytting




Figuren syner fødselsoverskot og nettoinnflytting i 4. kvartal i perioden 2014-2023. For 4. kvartal og heile året er folketilveksten rekna som folkemengd ved utgangen av året minus folkemengd ved inngangen av året/utgangen av 4. kvartal.  
Kjelde SSB, tabell 01223.

## 3. Innvandring

Ved inngangen til 2024 var talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som er busett i kommunen 362 personar. Det er nesten 200 fleire enn ved inngangen av 2015, og 67 fleire enn i 2023. Askvoll har tatt imot fleire ukrainske flyktningar per innbyggjar enn nokon anna kommune over 2000 innbyggjarar i Vestland (pr. mai 2024).

Dette betyr at 12 prosent av innbyggjarane i Askvoll er innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Figuren under syner at innvandrarane kjem frå ei rekke land og at kommunen har eit mangfold i befolkninga.

Arbeid og utdanning var innvandringsårsak for om lag 30 % av innvandrarane i 2023, medan om lag 56 % var flyktningar og deira familieinnvandrande.




Figuren syner tal innvandrarar og deira norskfødde barn etter nasjonalitet pr. 2024.

Kjelde: SSB, tabell 09817.

## 4. Krinsvise endringar

Kommunesenteret Askvoll har hatt ein auke på 52 personar dei siste 10 åra, medan Holmedal/Bakke har fått 33 fleire innbyggjarar i same periode. Krinsane Vågane, Høyvik og Stongfjorden kan alle vise til ein vekst på over ti personar.

Størst nedgang i innbyggjartalet i perioden 2015-2024 har det vore i krinsane Vilnes, Strømmen og Værlandet.



Figuren syner dei krinsvise folketalsendringane i perioden 2015 til 2024.

Kjelde: SSB, tabell 04317.


## 5. Framskriving av folketalet

Noverande og framtidig folketal og alderssamansetnad på innbyggjarane har verknad på planlegging av det kommunale tenestetilbodet. Basert på SSB sine prognosar, kan vi gjette oss til den framtidige folketalsutviklinga i Askvoll.

Ein må vere medviten om at prognosane sjeldan treff folketalet eksakt og ikkje er fasit på framtidig utvikling. Prognosane avheng av nasjonal vekst, fruktbarheit, dødelegheit, inn- og utvandring og flytting. I langsiktig planlegging må ein difor nytte prognosar med varsemd.

Hovudprognos til SSB syner at folketalet går ned med 265 personar i 2040 og med 357 personar i 2050.


### Framskriving av folketalet i Askvoll



Framskriving av folketalsutviklinga i Askvoll fram mot 2050. Kjelde: SSB, tabell 13600.

I framskrivingsperioden mot 2050 syner prognosane relativt store endringar innafor enkelte aldersgrupper. Dei mest påfallande endringane ser ein hjå gruppa 80-89 år som veks mykje fram til 2040 for så å flate ut. Gruppa 90 år og eldre er venta å doble seg dei neste 20-25 åra. Elles viser prognosane ein relativt jamn nedgang i yrkesaktive og barn og unge dei neste to tiåra.

### Framskrevne folketal etter alder



Framskriving av ulike aldersgrupper i Askvoll fram mot 2050. Hovudalternativet (MMMM). Kjelde: SSB, tabell 13600.

### Forventet utvikling




## 6. Framskriving av eldre

Befolkinga blir eldre og blir ikkje erstatta av fleire unge i særleg grad. I 2040 er det venta å vere om lag 150 000 eldre i Vestland (67 år og meir). Eldre utgjorde 15 prosent av befolkninga i 2018 og dette vil auke til 20 prosent i 2040. Delen innbyggjarar over 80 år i Norge som klarer seg utan nokon pleie- og omsorgstenester låg i 2022 på 38 %.

Askvoll har 224 innbyggjarar over 80 år i 2024 (175 mellom 80-89 år og 49 over 90 år). Denne gruppa er venta å auke til 329 i 2035, og vidare til 393 personar i 2045.

Dette har innverknad på korleis kommunen bør planlegg samfunnsutviklinga generelt, og for dimensjonering av eldremørsoga spesielt. Dersom kommunen fortset som no, vil behovet for pleie- og omsorgstenester bli 42 % høgre i 2040 (Agenda Kaupang: Bustadrappo for Askvoll kommune, desember 2023).




Figuren syner framskrive folketal over 80 år i Askvoll. Kjelde: SSB, tabell 13600.

## 7. Framskriving av barn og unge

I 2024 hadde Askvoll 674 barn og unge mellom 0-19 år. Av desse var det 163 barn mellom 0 og 5 år, 375 mellom 6 og 15 år og 136 ungdommar i alderen 16-19 år.

SSB si framskriving syner at alle dei tre barne- og ungdomsgruppene er venta å bli redusert neste ti-årsperiode. Fødselstala er forventa å vere nokolunde stabile, men særleg gruppa 6-15 år er venta å gå ned dei komande åra. I perioden 2024 til 2040 er prognosane at gruppa 6-15 år vert redusert med 104 personar.

Eit redusert tal barn i kommunen kan m.a. føre til endringar i skulesystemet, redusert behov for barnehelsetenester og redusert aktivitet i fritidstilbod.




Framskriving av tal barn 0-15 år i følgje SSB sitt hovudalternativ. Kjelde: SSB, tabell 13600

## 8. Forsørgjarbyrde

Fleire pensjonistar må forsørgast av stadig færre personar i arbeidsdyktig alder. I Norge i 1950 var det meir enn sju i yrkesaktiv alder per pensjonist, i dag er talet 3,7. Dette medfører eit økt press på velferdssystemet, noko som kan legge press på off. budsjett samt fare for auka skattar og avgifter. Færre yrkesaktive kan også føre til mangel på arbeidskraft i fleire sektorar, spesielt innan helse- og omsorg.

Reduksjon i tal personar i yrkesaktiv alder per pensjonist i Askvoll har gått føre seg sidan tidleg på 2000-talet. I dag har Askvoll 2,1 yrkesaktive (20-66 år) pr. pensjonist (+67 år). SSB sitt hovudalternativ anslår at det vil vere 1,5 yrkesaktive per pensjonist i Askvoll i 2040. Medan reduksjonen er venta å fortsette for landet og fylket mot 2050 tyder prognosane for Askvoll sin del å flate ut.




Figuren syner yrkesaktive per pensjonist 2024-2050. Utrekna frå SSB tabell 13600.

## 9. Gjennomsnittsalder til befolkninga

I Norge er gjennomsnittsalderen 41,3 år i 2024 og har auka med 1,7 år i løpet av det siste tiåret. Det er store skilnader mellom kommunane, slik at for nokre kommunar har gjennomsnittsalder passert 50 år. Aukande levealder, færre fødslar og fråflytting vil alle verke inn på gjennomsnittsalderen.

Innbyggjarane i Askvoll har ein gjennomsnittsalder på 45,5 år. Det er sjunde høgst av kommunane i fylket. Men i motsetnad til ein del andre kommunar i fylket har ikkje gjennomsnittsalderen i Askvoll auka i like stor grad som hjå ein del andre siste tiåret.

Medan ein del kystkommunar har ein gjennomsnittsalder som kan nærme seg 50 år, ligg dei større kommunane rundt landsgjennomsnittet på i overkant av 40 år.



Figuren syner gjennomsnittsalder i ein del utvalde kommunar, samanlikna med dei større kystkommunane Sunnfjord og Sogndal. Kjelde SSB, tabell 13536.


### 10. Busetnadsmønster

Med eit areal på 326 km<sup>2</sup> er Askvoll kommune ein under middels stor kommune. Men medrekna havareal er storleiken 1589 km<sup>2</sup> og Askvoll plasserer seg då i øvre halvdel når det gjeld kommunestørleik.

Askvoll kommune har eit svært spreidd busetnadsmønster. Berre 24 % av innbyggjarane bur i tettstad, der Askvoll sentrum er den einaste tettstaden jamfør SSB sin definisjon. Askvoll er med det ein av dei mest spreiddbygde kommunane i landet (SSB, arealprofilar 2024). Folketettleiken er 10 innbyggjarar per km<sup>2</sup>. 83 % av befolkninga i Norge bur i tettstad, og delen er aukande.

Busetnaden i Askvoll ligg generelt spreidd i eit belte langs sjøen og langs fylkesvegane der det er dyrka jord gjennom mesteparten av kommunen. Askvoll har lang strandline, men relativt liten del av strandlinia er reelt tilgjengeleg og attraktiv for allmenta. Samtidig er busetnaden i store delar av kommunen tradisjonelt nær knytt til sjøen og strandsona, både gjennom byggjeskikk og som næringsveg.


Askvoll sentrum inneholder kommuneadministrasjon, andre offentlege og private tenester, handel og idrett- og kulturtilbod. Tilboda er dimensjonert for heile kommunen og til dels nabokommunar. Holmedal, Stongfjorden og Høgda i Kvammen er lokalsenter med varierte tenester og tilbod dimensjonert for å dekke behova i nærmiljøet. Som lokalsenter reknar ein også Grov/Sauesund-området på Atløy. Det same gjeld Værlandet og Bulandet, som er relativt spreiddbygde øysamfunn.



Kartet syner busetnad i Askvoll. Den lysaste fargen indikerer lågast tettleik og den mørkare fargen viser områder med høgare tettleik av bustader. Kjelde: SSB.

## 11. Korleis bur innbyggjarane?

Askvoll har i dag 1677 bustadbygningar, både der det bur og ikkje bur folk. Av desse er 1435 einebustadar (85,6 %) og 65 tomannsbustader (3,9 %). Askvoll har om lag 105 leilegheiter (6,3 %), 18 bygningar er rekna som bustadblokk og berre 7 bygningar for bufellesskap.



Figuren viser tal på ulike bygningstypar i Askvoll. SSB, tabell 06265.




**24,2 prosent**

av alle innbyggjarane i Askvoll bur på landbrukseigedom (2022). Kjelde: SSB, tabell 06520

## 12. Butilhøve

Dei fleste i Askvoll eig eigen bustad (84,4 %) samanlikna med rett over 70 % elles i landet og fylket. Tal på innbyggjarar som leiger bustad er under snitt for landet og fylket og har gått nedover sidan 2017, men auka frå 384 til 410 personar frå 2022 til 2023.



Figuren syner registrerbart butilhøve 2023 på innbyggjarane i prosent. SSB, tabell 11038.



**2,19 personar**


bur i gjennomsnitt per hushald i Askvoll. Talet går nedover. I 2010 var det 2,46 personar per hushald. Snitt for Norge var 2,11 personar i 2023.

Kjelde: SSB, tabell 09747

## 13. Bustadbygging

Dei siste åra har stigande prisnivå kombinert med høge renter i Norge påverka bustadmarknaden og gjort bustadprosjekt kostbare for både utbyggjar og kjøpar. I følgje SSB har uvissheita ført til lågare etterspurnad av nye bustader og utsetting av prosjekt, og er reflektert i låge igangsettingstal.

Dei siste 10 åra er 7,7 nye bustadar i Askvoll fullført i gjennomsnitt kvart år. Desse tala er uendra samanlikna med perioden 2004-2013. Dette er litt mindre enn Fjaler og Bremanger kommune som kan vise til høvesvis 9,6 og 8,5 nye fullførte bustader. I følgje Telemarksforsking ligg kommunen noko under middels tal for bustadbygging, men har ikkje spesielt låg bustadbygging når ein tek i betraktning innbyggjartalet (Telemarksforsking, 2019).




Figuren syner igangsette og fullførte bustader (alle bygningstypar) i Askvoll 2004-2023. Kjelde: kommuneprofilen.no.

## 14. Bustadomsetnad

Dei siste 10 åra er det omsett 101 bustader i Askvoll, altså i gjennomsnitt 10 bustader per år. Dette er om lag dobbelt så mange som i Fjaler (51 stk.) og 26 fleire enn Bremanger (75 stk.).

Omsetnad av leilegheiter står for 12 % av omsetnaden, medan einebustadar utgjer 87 % og småhus 1 %.

Trendline syner ein auke i talet på omsetnader i siste ti-årsperiode.




Figuren syner tal på omsette bustader (alle typar) i perioden 2015-2023 for Askvoll, Fjaler og Bremanger. Kjelde: SSB, tabell 06035

## 15. Bukostnadar

Det er blitt dyrt å eige eigen bustad. Kostnadene ved å eige og bu i sin egen bustad auka med 13 prosent i Norge i 2022, og heile 23 prosent i snitt i 2023. Det betyr bukostnader på 179 126 kroner i gjennomsnitt på landsbasis i 2023. Det er renter, kommunale avgifter, eigedomsskatt og auka prisar som bidrar til dette.

Bukostnadane i Askvoll i 2023 for ein 120 m<sup>2</sup> einebustad var 132 267 kr. Det er ein auke på 17 033 kr (14,78 %) frå 2022. Oslo har dei høgste bukostnadane i landet med 270 095 kr, medan Vevelstad kommune har dei lågaste med 111 147 kr.

Askvoll ligg over gjennomsnitt for landet på kommunale avgifter (22 550 kr i 2023) og eigedomsskatt (4 800 kr), men under snitt på energikostnader.



Figuren syner bukostnader 2010-2023 og prognose for 2024-2026.


Kjelde: Huseigernes landsforbund, 2024

## 16. Bustadstorleik

Å bu trøngt er éin av fleire indikatorar på redusert bu-kvalitet. Det er særleg barnefamiliar og busette i dei største byene og studieplassar som bur trøngt. Innvandrarar er òg klart overrepresentert blant trøngbude hushald. Hushald med låg inntekt bur trøngare og leiger oftare enn hushald med høgare inntekt.

Berre 5,6 prosent av innbyggjarane i Askvoll budde trøngt i 2023. I 2015 var talet 7,2 %. Gjennomsnitt i Norge og Vestland i 2023 var høvesvis 9,7 % og 9,5 %. Kjelde: SSB, tabell 11046.

Figuren under syner bruksareal på bustader i Askvoll kommune i 2024. Det er oppgitt i prosent kor stor del som er innanfor dei ulike storleikane. Det er flest bustader med storleik 140-199 m<sup>2</sup>.



Figuren syner del bustader etter storleik i Askvoll 2024.

Kjelde: Kommuneprofilen.no

### 17. Framtidig bustadbehov

Einsformig bustadtype, overvegande einebustader, samsvarer ikkje med framskrivinga av befolkninga i Askvoll (alder/familietilhøve).


Manglande eigna private bustader og bumiljø i kommunen sine lokalsenter gjer det krevjande å utvikle «5-minuttars tettstadar» som generasjonsvenlege samfunn. Når eldre vert buande spreidd kan det gjere det vanskeleg for yngre å etablere seg i kommunen og hindre folketalsutviklinga.

Agenda Kaupang har etter oppdrag frå kommunen utarbeidd ein rapport om framtidig bustadbehov i Askvoll (des. 2023). Føremålet var å belyse og skildre samanhengane mellom ein heilskapleg bustadpolitikk og utviklinga av berekraftige helse- og omsorgsteneste i kommunen.

I rapporten kjem det fram følgjande:

- 475 bustader i Askvoll vert i dag nytta av innbyggjarar over 67 år. 79 % av desse er einebustader.
- Berre 33,3 % av innbyggjarane i Askvoll over 80 år klarar seg utan helse- og omsorgstenester. Snitt for landet utan Oslo er 38,3 %.
- 125 mill. kr gjekk til helse- og omsorgstenester i 2022. Det utgjer 41,5 % av kommunen sine netto driftsutgifter.
- Dersom vi fortset som no syner framskrivingane at behovet for pleie- og omsorgstenester vil bli 42 % høgre i 2040.

Analysen frå Agenda Kaupang syner at innbyggjarane i Askvoll vil trenge 113 fleire leilegheiter, rekkehus, kjedehus og andre småhus i 2040 enn i dag. Dette vil innebere ein dreiling av samansetnaden av ulike bustadtypar med nybygging av leilegheiter og ein utskifting av dagens bruk av einebustader til yngre innbyggjarar og familiær.



Figuren syner mogeleg og ønska endring i bustadsamansetnaden i Askvoll i framtida. Kjelde: Agenda Kaupang, prognosrapport for Askvoll kommune 2023.

Kommunen har også eit behov for nye bustader til personar under 67 år. I realiteten vil ofte yngre og eldre innbyggjarar konkurrere om dei mest attraktive bustadane.

Rapporten peikar på at handels- og service-soner bør vere like i nærleik til der kommunen ønsker at fleire eldre innbyggjarar skal busette seg og planlegge bustadutviklinga frå sentrum og utover. Ved å legge til rette for fleire eigna private bustader og bumiljø som er universelt utforma og med tilgang på fellesfunksjonar og senterfunksjonar i nærleiken kan kommunen legge til rette for aldersvenleg stadutvikling og at fleire får mogelegheit å bu i lokalsentra med tilgang til service- og fellesfunksjonar.

Slik tilrettelegging bidrar til at fleire kan bu og leve sjølvstendig lenger enn i dag, og i tillegg redusere tenestebehovet og kostnadseffektivisere helse- og omsorgstenestene som følge av samlokalisering og redusert reisetid.


Kjelde: Agenda Kaupang, rapport for Askvoll kommune des. 2023.

## 18. Fritidsbustader

Kommunen har ein del etterspurnad etter og utbygging av hytter og fritidshus, utan at det er noko stort press. Mange har ei tilknyting til kommunen, men har ikkje høve til/ønskje om å bu her.

Tal på fritidseigedommar var totalt 480 stk. i 2024. Talet på hytter og fritidshus har gått opp frå 312 stk. i 2015 til 352 i 2024, medan heilårsbustader og våningshus nyttar som fritidsbustad har gått ned frå 149 til 128 stk. i siste ti-årsperiode.

Dei fleste hyttene i kommunen ligg i områder sett av til fritidseigedommar (hyttefelt) og er spreidd rundt om i kommunen.



Figuren syner ulike fritidsbygg i Askvoll kommune. Kjelde: SSB, tabell 03174.

## 19. Vassforsyning

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel og vassforsyning er ein viktig del av infrastrukturen til kommunen. Askvoll har som fleire av kommunane i Noreg eit vedlikehaldsetterslep og utfordringar i høve nye krav til reining og forsyningstryggleik. Større krav til reserveløysing på vassverk vil krevje investeringar innanfor området.

Det er 9 private og kommunale vassverk i Askvoll. Til saman er 2082 innbyggjarar knytt til vassverka, noko som utgjer 69,7 % av alle innbyggjarane. Det er lågt samanlikna med fylket der 82,4 % er knytt til vassverk.

	Askvoll	Fylket	Landet
Prosent av innbyggjarane tilknytta communal vassforsyning	52,6	79,1	85
Andel fornya kommunalt leidningsnett, gjennomsnitt siste tre år (prosent)	0,03	0,44	0,59
E.coli: Andel innbyggjarar tilknytta kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøvekvalitet (prosent)	100	98,7	99,3
Andel av communal vassleveranse til lekkasje (prosent)	33	28,2	29,9
Estimert gjennomsnittleg forbruk per innbyggjar per døgn (liter)	404	172	168
Andel av hushaldsabonnentane som har installert vassmålar (prosent)	54	16,3	38,7
Estimert vasslekkasje per meter communal leidning per år (m <sup>3</sup> /m/år) (m <sup>3</sup> )	2,9	3,8	3,8

1572 innbyggjarar er knytt til dei kommunale vassverka og det utgjer 52,6 % av innbyggjarane. Snitt for Vestland fylke er 79,1 prosent. Lengda på det kommunale leidningsnettet er 57 980 meter, og berekna gjennomsnittsalder for nettet med kjent alder er 34 år. 3 565 meter er eldre enn 50 år (perioden 1941-1970). 0,03 prosent av leidningsnettet er fornya dei siste tre åra.


Kjelde: SSB, tabell 11786, 13143 og 11787.

## 20. Breiband og mobildekning

Breiband og EKOM-nett er viktig for kommunane fordi dei legg til rette for økonomisk vekst, utdanning, helse og velferd, og effektivisering av offentlege tenester. Dei støttar naudtenester og gjer det mogleg å bruke avansert teknologi for å forbetre infrastrukturen og tenestene.

I Askvoll kommune har 94 % av innbyggjarane breiband med god kvalitet (nedlastingskapasitet på 100 Mbit/s) og 93 % har nedlastingskapasitet for 1000 Mbit/s. Kjelde: <https://dekningskart.nkom.no/>. Alle område i kommunen har tilbod om 1000 Mbit/s, utanom områda Eimind-Follevåg, Holevika-Staveneset-Stubseid og Grimelia. Desse vert utbygd i løpet av 2024/2025.

Dei teoretiske mobil-dekningskarta frå Telia og Telenor viser at store deler av Askvoll har tilstrekkeleg mobildekning, men nokre områder har framleis lite eller ingen dekning. Befolkningsdekninga i Norge i dag er oppgitt å vere på over 99 %, medan arealdekninga er ein god del lågare.




## 21. Kollektivtilbod

Kollektivtilbod er viktig sidan det reduserer trafikk, miljøforureining og gir alle innbyggjarar tilgang til transport, uavhengig av økonomisk situasjon. Dette bidreg til betre helse, miljø og sosial inkludering.

Tilbodet av kollektivtransport er relativt lite, og er bygd opp kring kollektiv-knutepunktet Askvoll sentrum, med bussruter langs fylkesvegane til høvesvis Førde og Dale, ferjeruter til Atløy, Bulandet/Værlandet og Fure, og ekspressbåt Bergen - Selje.

Ungdataundersøkinga frå 2024 viser at ungdom er misfornøgd med kollektivtilbodet i kommunen. Prosentdelen som synast kollektivtilbodet er bra der dei bur, er 25 % mot heile Norge der 67 % er fornøgd med kollektivtilbodet.



Figuren over syner del ungdomsskuleelevar i prosent som er nøgde med kollektivtilbodet der dei bur. 2017-undersøking til venstre og 2024-undersøking til høgre. Kjelde: Ungdata undersøking, 2024

## 22. Kommunale vegar

Kommunen har til saman 340 km veg. 121 km er fylkesveg, 76 km er kommunal veg og 143 km er privat veg.

Askvoll kommune har svært spreidd busetnad med eit tilhøyrande stort vegnett og vil av naturlege grunnar ha ein låg del vregar som er tilrettelagt for syklande og vregar med belysning. Dei eksisterande kommunale vegane krev vedlikehald og oppgradering, og nye kommunale vregar kjem til som følgje av utbygging, og medfører nye kostnader, særleg til vinterdrift.

	2021	2022	2023
Del kommunale vegar med lys (prosent)	22,4	22,4	13,2
Kommunale vegar med lys (km)	17	17	10
Del kommunale vegar utan fast dekke (prosent)	25	19,7	19,7
Kommunal veg med fast dekke (km)	57	61	61
Oppgradert eksisterande kommunal veg siste år (km)	0	2,9	0

I 2023 var del kommunale vegar med lyssetjing på 10 km (190 lypunkt) noko som utgjorde 13,2 % av dei kommunale vegane. Snitt for KOSTRA-gruppe 4 ligg på 40,1 prosent.


Om lag 19,7 prosent av dei kommunale vegane var utan fast dekke i 2023. Fast dekke på kommunale vegar har vore ei prioritering over tid og Askvoll skårar høgre enn kommunegruppe 4 som ligg på 43,7 % utan fast dekke i gjennomsnitt.

I 2023 var netto driftsutgifter til kommunale vegar per km 107 829 kr. Det er auke på 14 000 kr frå 2022. Gjennomsnitt for KOSTRA-gruppe 4 var 130 301 kr i 2023.


Kjelde: SSB, tabell 11845 og 11816

## 23. Bilparken og ladepunkt

Det er 1579 registrerte personbilar i kommunen. Av desse er 185 elbilar (11,7 %). Delen elbilar i Askvoll er aukande og av 77 nyregistrerte personbilar i 2022 og 2023 var 74 elbilar. Askvoll kommune er registrert med 6 elbilar.



Talet på ladepunkt har vakse dei siste åra og det er no 16 ladepunkt i kommunen. Av desse er 5 hurtigladestasjonar og 11 normal-ladestasjonar. Kjelde: SSB, tabell 13227




Figuren syner personbilar etter type drivstoff i prosent i 2023. Askvoll har ein mykje større overvekt av dieselmotorar og færre elbilar samanlikna med snitt for Vestland. Kjelde: Kommuneprofilen.no

## 24. Hamneanlegg m.m.



Karta viser ISPS hamn (offentleg eigm) i Bulandet (rødt punkt). ISPS (The International Ship and Port Facilities Security Code) er hamner som oppfyller sikkerheitskrava til å losse last direkte til og frå internasjonale hamner og fiskerihamner. Dei blå punkta er alle fiskerihamner.

Kommunen har eigne kaier i Stongfjorden, Eikenes, Askvoll gamle sentrum, Askvoll sentrum, Høyvik og i Bulandet. I tillegg har kommunen vedlikehaldsansvar for allmenningskaier på Stavstrand, to på Herland, Værøy hamn, Landøy og Sandøy. Kommunen har òg avtale med fylkeskommunen knytt til bruk av ekspressbåt-kai mm i Askvoll.







Naudhamner er merka med raud trekant, medan ankringsområder for sjøtransport er merka med mørkegrøn skravering.

Askvoll har fleire naturvernområde (grønt omriss) og eit statleg sikra friluftsområde (blå skravering) på Tvbryge.

Flater for akvakulturanlegg er merka med lysegrøn skravering.

Kjelde: Kystverket, kystinfo

## 25. Skipsfart




Karta viser utsnitt fra Kystverkets AIS med skipstrafikk fra 2022. Fargane representerer ulike skipstypar. Vi ser fra karta at dei fleste store skip går i hovudlei utaskjers. Samtidig er svært mykje av denne skipstrafikken innanfor kommunegrensene. Det er også mange skip som går innaskjers gjennom Granesundet og gjennom Aldefjorden aust for Værlandet. Kjelde: Kystverket, kystinfo

### 26. Arealressursar og nedbygd areal

Det samla arealet i Askvoll kommune er om lag 327 km<sup>2</sup>. Av dette er om lag 52 % open fastmark. Dette er ein samlekategori som rommar eit stort spekter av både natur og kulturlandskap, men som av ulike årsaker ikkje blir definert som skog eller jordbruksareal. Bart fjell, grus og blokker utgjer nesten 10 %. I overkant av 21 % av arealet i kommunen er skog, medan jordbruksarealet i kommunen utgjer 7,5 %. Ferskvatn utgjer 4,5 %, og open myr dekkjer nær 3 % av arealet.

Område som er utbygd til bygningar, næring, transport, telekommunikasjon og infrastruktur utgjer 1,9 % (4,91 km<sup>2</sup>) av arealet. Det er 0,1 % mindre enn i 2020. Snitt for Vestland og landet er 1,8 %.

Fysisk nedbygd areal dekka av bygningar i Askvoll har auka frå 0,53 km<sup>2</sup> i 2011 til 0,61 km<sup>2</sup>, altså 800 dekar. Fysisk nedbygd areal dekka av vegbane er 1,31 km<sup>2</sup> og er ifølgje SSB uendra frå 2011 til 2023.



Figuren syner arealbruk og arealressursar i 2023 oppgitt i km<sup>2</sup>.  
Kjelder: SSB, tabell 09594, 12942 og 12781

### 27. Verna områder

Vi er alle avhengig av eit berekraftig natur- og artsmangfald, og arealbruk er den største trusselen for naturen. Norge har forplikta seg til naturavtalen frå Montreal i 2022. Denne slår fast at 30 % av all natur på land og hav skal vernast innan 2030 og at 30 % av all natur som er delvis øydelagd skal vere restaurert innan 2030. I dag er berre 17,7 % av landarealet og 4,5 % av territorialfarvatnet til Fastlands-Noreg verna.

Kommunane har gjennom plan- og bygningslova hovudansvaret for å disponere arealet og ta vare på naturmangfaldet. Askvoll har 29,33 km<sup>2</sup> verna areal til saman, det utgjer 1,85 %. Av det verna arealet er om lag 9 % på land (6,67 km<sup>2</sup>) og 22,66 km<sup>2</sup> til havs (ca. 1,8 %).

Til saman har kommunen 18 verneområde, alle desse er naturreservat. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova. Dette er område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, har ei særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ei spesiell geologisk førekomst, eller har særskild naturvitenskapleg verdi.



Oversikt over Askvoll sine verna naturområde. Kjelde: Miljødirektoratet

## 28. Naturmangfald

Med naturmangfald meiner vi mangfaldet av artar, landskap og geologiske forhold. Det inkluderer naturtypar, økosystem og leveområde for artar. Artane gjeld både dyr og planter, også sopp og mikroorganismar.

Verda opplever no ei naturkrise, og klimakrisa og naturkrisa heng saman. Klimaendringar påverkar naturmangfaldet, og endringar i arealbruk påverkar klimaet gjennom utslepp og klimatilpassing. Likevel er den største trusselen for naturen arealbruk.

Bruk av naturressursane, utbygging og vern av naturområde står som tre frontar i ei komplisert problemstilling. Måten vi bruker areal på framover kan enten vere ein del av løysinga for dei globale utfordringane vi står framfor, eller bidra til å forverre dei.




Diagram over tal artar per kategori ifølgje raudlista frå 2021 i Sogn og Fjordane.

Kjelde: Artsdatabanken.no

I Vestland finn vi 21% av landet sine artar på Norsk raudliste for artar 2021. Av desse er 12 % trua. Mykje av naturen er knytt til kulturlandskap, og vi finn mange av dei raudlista naturtypane der. Desse må skjøttast med til dømes slått eller beite. Kystlynghei, semi-naturleg eng og slåttemark er trua naturtypar som husar ei rekke planter, insekt og fuglar. Attgroing av kulturlandskap skjer òg med inntog av framande artar som til dømes sitkagran.


Myr, gammalskog og høgbonitetskog er døme på naturtypar med viktige økologiske funksjonar og positive effektar på klimaet og miljøet m.a. gjennom biodiversitet og høg kapasitet for karbonlagring.

## 29. Jordbruksareal

I Askvoll er det 24 994 dekar jordbruksareal. Samla jordbruksareal i drift i 2023 var 19 976 dekar. Det er 525 dekar meir enn i 2019. Grovfôr vert produsert på 60,8 % av arealet medan 39,2 % er innmarksbeite. Det er 424 landbruks-eigedommar og kommunen har 111 jordbruksbedrifter (6 fleire enn i 2019). Næringa bidreg til å halde oppe busetnad, matsikkerheit og reiseliv.

Grovfôrarealet går til 31 føretak innan mjølkeproduksjon som står for 67 % av verdiskapinga. Dette gir ca. 21 kyr per bruk og er under gjennomsnitt for Vestland og indikerer utfordringar for framtidig utvikling av den viktige mjølkeproduksjonen. 3521 vinterfôra sauar på 79 føretak står truleg for det meste av drifta av innmarksbeita og 15 % av verdiskapinga. Eit snitt på 45 dyr pr bruk mot 51 i Vestland indikerer utfordringar for både landbruksproduksjonen og skjøtsel av kulturlandskapet i framtida.

Svært lite dyrka og dyrkbar jord i Askvoll er omdisponert til andre føremål enn jordbruk dei siste 5 åra (4,44 dekar i gjennomsnitt per år). Samtidig har godkjent nydyrka areal i perioden vakse med 239 dekar. Grunna nydyrkingsarbeid har kommunen derfor i sum har ein nettoauke i tal dekar slåttemark.




Figuren syner omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og godkjent nydyrka areal. Kjelder: SSB, tabell 06194, 07903 og Nibio Arealressurskart

## 30. Klimagassutslepp i Askvoll

Klimagassutsleppa i Askvoll var 68 448 CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2022 og auka med 12,3 % frå 2021. Koronpandemien med mindre cruisetrafikk gav litt mindre utslepp av klimagassar i 2020 og 2021, men er på veg oppover att.

Sjøfart står for heile 76,5 % av klimagassutsleppa i Askvoll kommune, medan jordbruk står for 17,5 %. Vegtrafikk utgjer i underkant av 3 % av utsleppa, medan annan mobil forbrenning, oppvarming og avfall/avløp til saman utgjer i overkant av 3 %.

I siste 5 årsperiode (2018-2022) er det berre utslepp frå vegtrafikk (- 11 %) og jordbruk (- 1 %) som er redusert. Utslepp frå avfall/avløp (+ 19 %), oppvarming (+ 42 %), annan mobil forbrenning (+ 9 %) og sjøfart (+ 7 %) har alle auka.



Utsleppa har CO<sub>2</sub>-ekvivalentar som eining, Rekneskapen omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen si geografiske grense. Klimagassane CO<sub>2</sub>, metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) er inkludert. Kjelde: Miljødirektoratet

## 31. Klimagassutslepp i Norge

I Noreg var det totale klimagassutsleppet 48,9 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2022. Fordelt på 5,5 millionar innbyggjarar, blir det ca. 8,9 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per innbyggjar. Utsleppa i Askvoll utgjer ca. 22,9 tonn pr innbyggjar.

Noreg har som mål å redusere utsleppa med minst 55 prosent innan 2030. Målet er sett med utgangspunkt i utsleppa innanfor Noregs eigne landegrensar – det vil sei dei territoriale utsleppa. Samanlikna med andre land låg Noreg i 2021 på ein 61. plass over land i verda som slepp ut mest CO<sub>2</sub>.

Dei forbruksbaserte utsleppa av varer og tenester i norske hushald, privat næringsliv og offentleg sektor utgjer til saman 13 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per innbyggjar. I overkant av 60 prosent av desse, også kalla klimafotavtrykket, fant stad i andre land.

Produksjon og bruk av energi er den største kjelda til klimagassutslepp i verda i dag. Norge er verdas fjerde største eksportør av olje og gass målt i CO<sub>2</sub>-utslepp, og verdas nest største eksportør av olje og gass per innbyggjar. Når vi ser på utslepp utanfor eigne landegrensar vert Noreg verdas 16. største utsleppsnasjon, og deler vi dette på tal innbyggjar er det berre tre land i verda med meir utslepp enn Noreg; Qatar, Kuwait og Brunei.

Dei rike landa har høgst utslepp. Dei viktigaste årsakene til at dei globale utsleppa av klimagassar aukar er:

- Framleis bruk av fossile brensel til transport og energiproduksjon.
- Økonomisk vekst, auka forbruk og folkevekst.
- Dagens matsystem med avskoging, dyrking, husdyr, transport og matsvinn. Alle delar av verdikjeda har utslepp av klimagassar.


Klimagassutsleppa kan kuttast med opptil 70% meir om vi tek grep for å redusere forbruk og sløsing, ifølgje FN.

Kjelde: Miljødirektoratet

## 32. Klimagassopptak

Om lag 73 prosent av landarealet i Askvoll består av open fastmark og skog som tar opp klimagassar. Ei berekning frå 2019 viser at skog og anna areal i netto tok opp 16 078 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2015. Mengda er redusert med over 7 400 tonn sidan 2010. Tala frå Miljødirektoratet/Nibio er ikkje oppdatert sidan 2019.

Skal Askvoll kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslepp er kommunen avhengig av att utslepp frå sjøfart vert kraftig redusert. Trekk ein ut sjøfart frå Askvoll kommune sine klimagassutslepp i 2022 vert utsleppa 16 084 CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, altså det same som klimagassopptaket i kommunen. Regjeringa sin ambisjon er å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030, medan FN sin sjøfartsorganisasjon (IMO) har vedtatt ein ambisjon om å halvere utsleppa frå internasjonal skipsfart innan 2050.




Figuren syner utslepp og opptak frå sektoren "skog og anna arealbruks". Negative tal betyr opptak av klimagassar, medan positive tal betyr utslepp. Skog tek til dømes opp karbon, medan omarbeiding av jord kan føre til utslepp. Kjelde: Miljødirektoratet/Nibio

## 33. Kommunal energibruk

Energibruken per m<sup>2</sup> eigmde kommunalt areal har auka frå 148 kWh i 2021 til 178 kWh i 2023 og ligg over gjennomsnitt for kostragruppe 4.

Energiutgifter som del av brutto driftsutgifter i prosent ligg under gjennomsnitt for kostragruppe 4.

	2021	2022	2023	Kostragruppe 4
Energiutgifter per m <sup>2</sup> kommunalt eigmde areal (kWh)	1022	980	1118	941
Energiutgifter per m <sup>2</sup> kommunalt eigmde bygg (kWh)	148	162	178	191
Energiutgifter som del av brutto driftsutgifter (prosent)	0,65	0,83	0,79	0,97
Energibruk per m <sup>2</sup> eigmde areal (kWh)	148	162	178	162
Energibruk per brukar (kwh)	32107	32941	41189	45 762



Kjelder: SSB, tabell 12150, 12151 og 12190

## 34. Forventa klimaendringar for Askvoll



Denne klimaprofilen summerer opp kva konkrete utslag klimaendringane kan gi i Askvoll og andre kommunar i same fylke etter gammal fylkesstruktur, fram mot slutten av hundreåret (2071-2100). Kjelde: Miljødirektoratet og KBN.

**Årstemperaturen** er berekna å auke med ca. 4 grader. Aukinga er størst for haust og vinter, og minst for sommaren. Vekstsesongen er venta å auke med 2-3 månader, mest i ytre kyststrok.

**Årsnedbøren** er berekna å auke med ca. 15 % med størst auke sommar og haust. Hendingar med kraftig nedbør aukar mykje i intensitet og førekommst, noko som vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde strok. Mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.

**Skredfare** er sterkt knytt lokale terrenghøve. I bratt terregn vil klimautviklinga kunne gje auka førekommst av jordskred, flaumskred og sørpeskred som er knytt til ekstrem nedbør/regnflaum, snøfall og smelting.

**Stormflo:** Som følgje av havstigning vil stormflo-nivået auke. Det tilrådde klimapåslag på stormflo-nivå er 57-75 cm. Auke i havnivå i 2090 er 70 cm. Det medfører at eit areal på 2,5 km<sup>2</sup> og 488 bygningar vert sett under vatn ved middels høgvatn i 2090.

### Overvatn

Dei største skadane på busetnad og infrastruktur oppstår gjerne i samband med overvatn. Overvatn skuldast mykje regn på kort tid som gjev stor avrenning på tette flater utan at det treng å bli flaum i bekkar og elvar. Overvatn er, i denne samanheng, overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn.

Kjelde: Norsk klimaservicesenter

## 35. Klimarisiko for viktige næringar i Askvoll

Kommunen er avhengig av at næringslivet i minst mogeleg grad vert råka av klimaendringane (fysisk klimarisiko) og samstundes klarar seg godt i overgangen til eit samfunn med lågt utslepp (overgangsrisiko).

Under er næringane i Askvoll som kan bli rørt av klimarisiko. Kommunen bør gjere ei vurdering av alvorlegheitsgrad ut frå lokale tilhøve og i dialog med det lokale næringslivet.

### Klimarisiko i næringar som er viktige for Askvoll:



### Fiske, fangst og akvakultur

Fysisk risiko: Auke i havtemperatur kan endre samansettning av artar, endringar i næringskjeda og fiskebestandane. Risiko for endringar i klima i land som produserer fiskefør.

Overgangsrisiko: Strengare regulering/høgare prising av klimagassutslepp.

### Varehandel

Fysisk risiko: Utover lokalisering ingen openberre fysiske risikofaktorar

Overgangsrisiko: Redusert biltrafikk. Overgang til sirkulærøkonomi og auka resirkulering for detaljhandel.

### Sjøfart

Fysisk risiko: Meir ekstremvêr.

Overgangsrisiko: Karbonprising, regulering av utslepp og strengare krav om alternative teknologiar for ferjedrift

### Jordbruk


Fysisk risiko: Ekstremvêr og endring i værmønster. Risiko for meir erosjon, mengde og kvalitet på avlingar, spreiing av plante- og dyresjukdomar. Landbruket får lengre vekstsesong, men våtare bør Klimaendringar i andre land kan gje manglende tilgang til importerte råvarer.

Overgangsrisiko: Strengare reguleringar og endra konsumpreferansar

### Næringsmiddelindustri

Fysisk risiko: Ekstremvêr og endring i værmønster. Kan endre tilgang til råvarer og produksjon.

Overgangsrisiko: Endra konsumer åtferd.



## 36. Næringsstruktur og sysselsetting

Askvoll hadde 1111 personar som arbeidde i kommunen i 2023. Talet har vore relativt stabilt sidan 2015, men det er fire færre enn året før og 64 færre enn i 2018, som var året med flest sysselsette i perioden 2010-2023. Talet på sysselsette som bustadadresse i Askvoll kommune var i fjor 1469 personar. Også dette talet har vore relativt stabilt, men det er 15 færre enn i 2020.

Om lag 17 prosent arbeider i primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske. Dette skil seg mykje frå resten av fylket der berre 2,8 prosent er sysselsett i primærnæringane. Om lag 16 prosent arbeider i sekundærnæringar som industri og bygg- og anlegg. Dette er under snitt for fylket som ligg på om lag 22 prosent. 65 prosent arbeider innan tertiærnæringane (t.d. privat og offentleg tenesteyting, handel, transport og kommunikasjon og reiselivsverksemd), mot 76 prosent i heile fylket. Sysselsette innan reiselivet i kommunen utgjer om lag 4,5 %.

Næringsområde	2015	2022	2023
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	218	205	188
05-09 Bergverksdrift og utvinning	3	-	-
10-33 Industri	57	82	82
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	9	-	-
41-43 Bygge- og anleggsvirksem	117	103	97
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	100	89	94
49-53 Transport og lagring	89	77	73
55-56 Overnattings- og serveringsverksem	20	-	12
58-63 Informasjon og kommunikasjon	3	-	-
64-66 Finansiering og forsikring	6	0	-
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	33	53	57
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	7	17	17
84 Off. adm., forsvar, sosialforsikring	44	36	43
4385 Undervisning	101	122	125
86-88 Helse- og sosialtenester	263	274	272
90-99 Personleg tenesteyting	20	16	20
00 Ikke oppgitt	26	15	16
<b>Sum</b>	<b>1116</b>	<b>1115</b>	<b>1111</b>

Sysselsette personar med arbeidsplass i Askvoll kommune (15-74 år, begge kjønn). Ein del tal vert ikkje vist for å unngå å identifisere personar/verksemder.

Kjelde: SSB, tabell 07984.

## 37. Næringsvariasjon

Dei største endringane sidan 2015 finn vi i tertiærnæringane der t.d. undervisning og helse- og sosialtenester har auka med 33 personar, medan primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske har hatt ein nedgang på 30 personar i same periode.

Den svake tilveksten av arbeidsplassar er noko vi deler med fleire andre distriktskommunar og kjem både av redusert arbeidskraftbehov i store basisnæringar (industri og primærnæringar) som distriktsregionar er spesialiserte innanfor, kombinert med reduksjon i handel og transport, samtidig som det samla er liten tilvekst av arbeidsplassar i andre tenester og nye næringar.

NHO rangerer dei økonomiske prestasjonane og rammeføresetnadane for næringslivet i norske kommunar (sjå s. 24). Kommune-NM dekker fem temaområde: Næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommune-økonomi. Askvoll kom på 204 plass blant kommunane i Noreg på næringsvariasjon i 2023. Kjelde: nho.no

## 38. Fordeling off. og privat sektor

Flest sysselsette i Askvoll arbeider i privat sektor, ca. 61 % mot 39 % i offentleg sektor. Sysselsette i privat sektor har variert mellom 650 og 750 personar dei siste 15 åra, men har hatt ein svakt nedgående tendens og var i 2023 på 665 personar. Tilsvarande har det vore ein vekst i offentleg sektor på om lag 5 prosent i denne perioden.

Av NHO vert Askvoll rangert på 238 plass blant kommunane for sysselsette i privat sektor og offentlege føretak som prosentdel av totalt tal sysselsette. Kjelde: SSB, tabell 13472

## 39. Tal på sysselsette i private bedrifter

Det er ein stor overvekt av bedrifter med ingen tilsette, deretter er det små bedrifter med 1-4 tilsette som er den største gruppa. Dei siste åra har det vore ein nedgang i bedrifter i gruppa med 1-4 tilsette og 5-9 tilsette, medan det har vore ein svak i auke i mellomstore selskap med 10-19 tilsette.

Bedrifter med ingen tilsette er i all hovudsak enkelpersonføretak, men i tillegg består det også av aksjeselskap som ikkje har nokon tilsette og størsteparten av desse selskapa er rene investerings- eller holdingselskap.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Alle verksemder</b>	464	472	459	457	471	471	486
<b>Ingen tilsette</b>	339	355	331	342	357	351	371
<b>1-4 tilsette</b>	70	59	70	62	63	62	58
<b>5-9 tilsette</b>	28	27	29	26	23	30	26
<b>10-19 tilsette</b>	15	19	17	15	15	16	18
<b>20-49 tilsette</b>	9	8	9	9	10	9	10
<b>50-99 tilsette</b>	2	3	2	3	3	3	3
<b>100 - 249 tilsette</b>	1	1	1	0	0	0	0
<b>250 tilsette og over</b>	0	0	0	0	0	0	0

Tabellen viser tal bedrifter etter tal sysselsette i Askvoll i perioden 2008- 2022. Kjelde: SSB, tabell 07091

## 40. Sysselsetting og arbeidsdeltaking

Høg deltaking i arbeidslivet er ei viktig drivkraft for vekst og verdiskaping. Fleire arbeidstimar vil auke verdiskapinga og skattegrunnlaget, auke inntektene for den enkelte og redusere utgiftene til passive ytingar. Tilgang til arbeidstakrar med nok og rett kompetanse er ein føresetnad for vekst og utvikling av næringslivet og dermed sysselsetting.

Sysselsettinga i Askvoll blant innbyggjarar i alderen 20 og 66 år var i 2023 på 79 %. Dette er over snitt for fylket (78,8 %) og for landet (77,1 %). Det er likevel ein nedgang på 2,4 % frå året før og det lågaste sidan 2018. Sysselsettingsgraden i Askvoll er størst blant 40-54 åringar og er høgre blant menn enn kvinner.

	15-74 år	15-19 år	20-24 år	25-39 år	40-54 år	55-66 år	67-74 år
Askvoll	70,3	52,3	66,9	81,8	86,1	74,8	36,7
Fjaler	66	29,9	50,6	86	88,8	78,7	31,3
Hyllestad	67	57,1	79,7	75,5	77,1	70,5	29,9
Solund	71,2	55,6	67,6	85,7	82,9	78,9	39,2
Bremanger	68,6	48,2	72,3	81,1	84,7	73,9	24,6
Fylket	70,1	43	69,4	82,4	84	71,5	21,5
Landet	68,6	42	68,1	81,1	82,1	68,6	21,3

Blant dei fire HAFS-kommunane er det Solund som har høgst sysselsettingsgrad, med Askvoll framfor Hyllestad og Fjaler.

Arbeidsdeltakinga blant innvandrarar (15-74 år i 2023) er 64,2 % i gjennomsnitt i landet, 65,5 % i Vestland og 56,6 % i Askvoll. Deltakinga er høgst blant vestlege innvandrarar (75,7 %) samanlikna med ikkje-vestlege innvandrarar (43 %).

Kjelder: Kommuneprofilen.no og SSB, tabell 06445

## 41. Gjennomsnittsalder på sysselsette

Gjennomsnittsalderen på dei sysselsette med arbeidsplass i Askvoll var 46,8 år i 2023 (ned 0,1 år frå 2022). Dette er relativt høgt samanlikna med snitt for fylket (41,5 år) og landet (41,9 år). Eldrebølga er for Askvoll sin del ikkje noko som teoretisk kjem i framtida, men noko vi står midt oppe i.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Askvoll	46	46,7	46,4	47	46,9	46,8
Heile landet	42	42	42,1	41,9	41,8	41,9
Vestland			41,8	41,6	41,5	41,5

Tabellen syner gjennomsnittsalder på sysselsette etter arbeidsplass begge kjønn 15-74 år. Kjelde, SSB tabell 09106.

Utviklinga mot ei eldre befolkning er ein faktor som svekker fødselsoverskotet vidare framover. Dette vil særleg merkast i mindre distriktskommunar. 2020 vart ein merkeår for kommunen, for første gong vart det fleire over 67 år enn under 20 år i kommunen, og trenden vil halde fram.

Dei fleste kommunar med nedgang i folketallet er dei med lågast folketal og sentralitet, og dei er ofte omlandskommunar til senterkommunar i regionane. I desse kommunane bidrar både fødselsunderskot (pga. aldrande befolkning) og samtidig (netto-) utflytting til nedgangen.

## 42. Arbeid for ungdom

Askvoll kommune har dei siste åra jobba aktivt med å skaffe jobb til alle ungdommar over 17 år som ønskjer sommarjobb i kommunen. Oppgåvene har vore knytt til bygg- og egedomsavdelinga og driftssentralen. Frå 2024-2026 har kommunen eit prosjekt med deltidsjobb for ungdom 15-24 år på BUA Askvoll og ungdomsklubben i Askvoll.


## 43. Arbeidsledige

Talet på arbeidsledige i Askvoll var svært låg i 2023 og varierte mellom 0,9 og 1,9 %. Dette utgjer om 13-28 personar. Dei 5 første månadane av 2024 har det vore mellom 22 og 42 arbeidsledige (1,5-2,8 %). Kjelde: NAV.

I april 2024 var 1,7 prosent av arbeidsstyrken i Vestland utan jobb, og det var 2 000 fleire ledige jobbar enn arbeidssøkarar. Den låge arbeidsløysa er eit signal om at tilgangen på ledige menneskelege ressursar er avgrensa. Høg sysselsettingsgrad og svært låg arbeidsløyse skapar press i arbeidsmarknaden. Fleksibiliteten vert redusert og det dukkar opp udekte kompetansebehov som reduserer moglegheitene til vekst.

Det aukar behovet for å sikre at færre personar endar i utanforskap og betre mobilisering og integrering i arbeidslivet for dei som står utanfor eller fell ut av skule og arbeidsliv. Ivaretaking av tilsette og betra mobilisering av personar i utanforskap (ikkje i arbeid, utdanning eller tiltak) vert såleis viktig.

Samstundes har Vestland ein “arbeidskraftreserve” utan kompetanse. Reserven er primært personar som ikkje har vore i arbeid over lang tid, ofte grunna av helsemessige problem eller manglende kvalifikasjonar.



Figuren syner tal personar som er meldt heilt ledige i Askvoll i 2017-2024 i prosent. Toppen i 2020 viser koronapandemien sin påverknad på arbeidslivet, og at vi ikkje har vore råka utover sterkt innverknad i den første fasen av pandemien. Kjelde: Kommunedata.no

## 44. Likestilling mellom kjønna

Gjennom 12 ulike indikatorar kartlegg SSB kvart år korleis det går med kjønnslikestillinga i kommunane i Norge innan tema som arbeid, utdanning, inntekt og leiing. Indikatorane har ein skår mellom 0 og 1, der 0 indikerer maksimal kjønnsskilnad og 1 indikerer full likestilling.

	2018	2019	2020	2021	2022	Skår 2022
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	79,3	78,2	84,1	82,2	84,0	0,93
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	76,4	75,8	77,9	78,4	78,4	
Andel menn blant leiilar (20-66 år) (prosent)	43,9	50,6	46,5	47,1	46,2	0,92
Andel kvinner blant leiilar (20-66 år) (prosent)	56,1	49,4	53,5	52,9	53,8	
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	92,1	87,3	85,1	93,6	92,5	0,92
Andel menn blant kommunestyrrerepresentantar (prosent)	57,1	57,1	66,7	66,7	66,7	0,67
Andel kvinner blant kommunestyrrerepresentantar (prosent)	42,9	42,9	33,3	33,3	33,3	
Andel fedre som tar heile fedrekvoten eller meir	64,8	60,7	59,2	54,5	65,6	0,66
Andel menn blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	69,8	70,7	69,8	69,3	68,2	0,64
Andel kvinner blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	30,2	29,3	30,2	30,8	31,8	
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, menn (kr)	510600	537800	563300	678900	644900	0,63
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, kvinner (kr)	338200	356400	371400	407000	405900	
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skule	0,64	0,66	0,65	0,60	0,59	0,59
Andel menn med høgare utdanning (prosent)	17,3	16,9	18,0	18,2	18,6	0,54
Andel kvinner med høgare utdanning (prosent)	31,0	31,3	31,0	32,3	34,4	
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,44	0,43	0,48	0,45	0,48	0,48
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentleg sektor (prosent)	18,3	17,4	21,3	21,0	22,1	0,44
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentleg sektor (prosent)	81,7	82,6	78,7	79,0	77,9	
Andel sysselsette menn (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	22,1	18,5	18,7	16,9	18,8	0,40
Andel sysselsette kvinner (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	48,6	49,2	47,3	48,9	47,4	

Samanlikna med dei 42 andre kommunane i Vestland kjem Askvoll kommune bra ut på likestilling når det gjeld kjønnsbalanse i privat sektor og kjønnsfordeling blant leiilar.

Likestilling blant kjønna i Askvoll er derimot svakast samanlikna med kommunane i Vestland på indikatorar for forholdet mellom kvinner og menn i arbeidsstyrken, bruttoinntekt, deltidsarbeid, høgare utdanning, kjønnsbalanse i off. sektor, del barn 1-5 år i barnehage og kjønnsfordeling blant kommunestyrrerepresentantar.

Askvoll kjem ut midt på treet for likestilling samanlikna med dei andre kommunane når det gjeld indikatorar for kjønnsbalansert næringsstruktur og kjønnsbalansert utdanningsprogram i VGs.


## 45. Arbeidsplassdekning og pendling

Arbeidsplassdekninga i Askvoll kommune er låg, noko som resulterer i negativ netto pendling. Tal på sysselsette (20-66 år) som pendla ut av kommunen var i 2023 451 personar, medan talet på innpendlarar var 124 personar. Pendlingsbalansen var dermed negativ med 327 personar. Tala for utpendling syner ein svak auke dei siste åra. Tal for innpendling gjekk ned frå 2018 til 2021, men har auka siste to åra.

Dersom ein ser på sysselsette i alderen 15-74 år pendla 502 personar ut av kommunen i 2023, det er 34,2 % av dei sysselsette med bustad i Askvoll.


Dei som pendlar ut av kommunen arbeider i mange ulike sektorar. Mest utpendling er det til sekundærnæringer, helse- og sosialtenester, samt sektoren varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstenester, forretningsmessige tenester og eigedom.

Fleire menn enn kvinner pendlar både inn (70 mot 54) og ut (272 mot 179) av kommunen.




Figuren syner pendling inn og ut av Askvoll for sysselsette 20-66 år i perioden 2012 til 2013. Kjelde SSB, tabell 11616

## 46. Pendlingsmønster



Størst utpendling er det til kommunane Sunnfjord, Fjaler, Bergen og Oslo.



Størst innpendling er det fra kommunane Fjaler, Sunnfjord og Bergen. Kjelde: SSB, pendlingsstrømmer 2020.

## 47. Nyetablerte selskap

Tal på nyetablerte føretak i Askvoll kommune er relativt høgt samanlikna med nabokommunane Hyllestad og Fjaler samt kystkommunen Bremanger. I perioden 2018-2023 er det i snitt registrert over 30 nye føretak pr år i Askvoll (AS, DA, SA og ENK).

For nyetablerte bedrifter med ein eller fleire tilsette pr 1000 sysselsette kjem Askvoll ut nest høgst av kommunane i Sogn og Fjordane.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Sum 2018-2023
Hyllestad	10	9	9	10	16	8	62
Bremanger	25	26	21	26	26	19	143
Fjaler	21	34	23	27	29	29	163
Askvoll	25	25	31	35	29	42	187

Av dei nye selskapa som vart etablert i Askvoll i 2023 var 25 aksjeselskap, 16 enkeltpersonføretak og eitt samvirkeføretak.

	k1	k2	k3	k4	Sum 2023
Aksjeselskap (AS)	8	3	10	4	25
Enkeltpersonforetak	8	4	2	2	16
Samvirkeforetak (SA)	0	0	1	0	1

Kjelde: SSB, tabell 08076.

## 48. Kommunale næringsrelaterte kostnader

Askvoll kommune har dei siste par åra nytta rundt 3 mill. kr årleg på næringsretta prosjekt og avtaler.

Avtaler og prosjekt	2023	Næringsområde
Olsenvikane næringsområde	549 250	Sekundær
Nikøy næringsområde	448 935	Sekundær
WiFi4EU - 8 WiFi soner (teneste 32500)	178 800	Reiseliv
Visit Fjordkysten og Sunnfjord	298 500	Reiseliv
Fjordkystparken regional- og geopark	282 000	Reiseliv
Fjordane Friluftsråd	111 000	Felles
Kommunalt servicepunkt (teneste 32500)	50 000	Tertiær
Teneste 32500	50 000	Felles
Kommunalt næringsfond	400 000	Felles
Studiesenter Kysten. Interkom. samarbeidsprosjekt 2023-2024	100 000	Tertiær
Invest in Fjordane. Interkom. samarbeidsprosjekt 2023-2025	125 000	Sekundær
Næringskonsulent	420 272	Felles
<b>Sum</b>	<b>3 013 757</b>	

Skjematiske oppstilling av dei næringsrelaterte kostnadane til Askvoll kommune i 2023. Fordeling på næringsområde er teoretisk og eit prosjekt eller avtale vil i fleire tilfelle vere retta mot fleire næringsinndelingar, men det vil gje ein peikepinn på kva næringsstruktur midlane er nyttate.

## 49. Næringskostnader i forhold til næringsstruktur

Midlar brukte på kommunal næringsinnsats bør i ein viss grad samsvara med storleiken/tal på sysselsette på næringane i Askvoll og/eller strategiske satsingar på bestemte næringsområde som er politisk vedtatt og i samsvar med overordna plan.

Generelt sett har økonomien i Noreg bevegd seg frå ein industriell økonomi til ein kunnskaps- og tenesteøkonomi, med tertiærnæringane som den mest dynamiske og veksande sektoren.

	Midlar i kr	Midlar i prosent	Sysselsette med arbeidsplass Askvoll	Sysselsette i prosent
<b>Primærnæringar</b>	245 318	8,14 %	188	17,5 %
<b>Sekundær</b>	1 368 503	45,41 %	177	16,4 %
<b>Tertiær unntatt reiseliv</b>	395 318	13,12 %	664	61,6 %
<b>Tertiær reiseliv</b>	1 004 618	33,33 %	49	4,5 %
<b>SUM</b>	<b>3 013 757</b>	<b>100,00 %</b>	<b>1078</b>	<b>100,00 %</b>
Uoppgett				16

Ved å estimere på kva næringsstruktur dei kommunale midlane er brukte ser ein at sekundærnæringane og reiselivsnæringa var sterkt prioritert i 2023. Nær 79 % av næringsbudsjettet er brukte på desse områda, sjølv om områda berre har 21 % av dei sysselsette.

Om lag 21 % av næringsbudsjettet vart brukte på primærnæringane og tertiærnæringane. Desse næringsområda har om lag 79 % av dei sysselsette.

<b>Primærnæringar</b>	Næringskode 01-03 (jordbruk, skogbruk og fiske). NB. Kun fellesmidlar.
<b>Sekundær</b>	Næringskode 05-43 (industri, bygg- og anleggsvirksemeld)
<b>Tertiær unntatt reiseliv</b>	Næringskode 45-53, 58-75, 84-88 (handel, transport/lagring, teknisk tenesteyting, forr. tenesteyting, off. adm, undervising, helse- og sosialtenester m.m.)
<b>Tertiær reiseliv</b>	Næringskode 55-56 (overnattning og servering), 77-82 (utleige, leasing, formidling, kongress), 90-93 (attraksjon). Personleg tenesteyting 93-99 er også tatt med.

## 50. Kommunalt næringsfond

Askvoll kommune er ein av få kommunar i Vestland som framleis forvaltar eit kommunalt næringsfond. Næringsfondet er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke og utvide lokalt næringsliv og arbeidsmarknad, samt gjere Askvoll kommune til ein meir attraktiv kommune å bu og arbeide i.

Målet med næringsfondet er å styrke kommunen sin moglegheit til å bidra til lokal næringsutvikling og er spesielt retta mot nyetableringar, men også vidareutvikling av eksisterande bedrifter.

Nyetablerte og andre bedrifter kan søkje om investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, tilskot til tiltaksapparat og kunnskapsretta infrastruktur og arrangementstøtte.

Styret for næringsfondet er personidentisk med medlemmene i Komité for næring, miljø og teknikk med delegert fullmakt til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot.

Årstal	Ramme	Løyvd til prosjekt	Utbetalt til prosjekt	Tal søknader	Søknader løyvd støtte	Støtte til nyetableringar
2018	648 077	351 000	199 706	4	4	1
2019	410 154	350 242	349 842	5	5	1
2020	557 652	538 560	402 527	7	6	3
2021	800 000	675 000	675 000	9	8	1
2022	400 000	303 600	303 600	7	5	2
2023	987 340	400 000	200 000	4	4	0
2024	587 340	575 020	150 000	5	5	2
<b>SUM</b>	<b>4 390 563</b>	<b>3 193 422</b>	<b>2 280 675</b>	<b>41</b>	<b>37</b>	<b>10</b>

Oversikt over rammer, løyingar, tal på søknader og støtte til bedrifter og nyetableringar frå næringsfondet i Askvoll i perioden januar 2018 til april 2024.

Kjelde: Askvoll kommune, 2024

## 51. Utdanningsnivå

Høgare utdanningsnivå i befolkninga kan bidra til økonomisk vekst gjennom auka produktivitet og innovasjon, betre helse og livskvalitet, demokratisk deltaking og samfunnsutvikling. Kvar tredje innbyggjar i Vestland fylke har no høgare utdanning, og over lengre tid har utdanningsnivået auka. Samla sett, har kvinner høgare utdanningsnivå enn menn.

Utdanning og økonomi er sentrale levekårsfaktorar og viktige sosioøkonomiske variablar for sosiale skilnader i helse. Kvinner og menn med lengst utdanning lever 5-6 år lengre og har betre helse enn dei som har kortast utdanning. Dei med høgst inntektsfjerdedel lever 6-8 år lenger enn dei i lågast fjerdedel.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Grunnskulenivå	30,9	30,1	29,4	29,4	28,5	27,4	26,5	26,1
Videregående skulenivå	43,0	43,0	42,7	42,4	42,6	43,1	42,2	41,6
Fagskulenivå	3,7	3,7	3,8	4,2	4,4	4,3	4,7	4,8
Universitets- og høgskulenivå, tom 4 år	18,3	18,6	19,7	19,5	19,4	19,7	20,6	20,8
Universitets- og høgskulenivå, over 4 år	4,1	4,5	4,5	4,6	5,1	5,4	6,0	6,7

Relativt få innbyggjarar i Askvoll har høgare utdanning, men over tid har utdanningsnivået auka. I 2023 hadde 41,6 prosent av innbyggjarane over 16 år videregåande skule som høgste utdanning, medan 27,5 % hadde høgare utdanning. Dette er relativt mykje mindre enn gjennomsnittet i Vestland og for landet, der høvesvis 36,9 og 37,4 % har høgare utdanning.

Ei forklaring til dette kan vere arbeidsmarknadsstrukturen i Askvoll med tradisjonelt mange arbeidsplassar utan krav til høgare utdanning.

Fleire menn enn kvinner i Askvoll har fagskuleutdanning, medan ein mykje større del kvinner har høgare utdanning (35,8 % hjå kvinner og 19,1 % hjå menn).

Kjelde: SSB, tabell 09429


## 52. NHO - Kommune-NM

NHO sin Kommune-NM rangerer årleg kommunane etter dei økonomiske prestasjonane og rammevilkåra for næringslivet. Kommune-NM dekker fem temaområder: Næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi. Totalrangering for kommunane er frå 1 (best) til 356. Indikatorsettet består av 19 enkeltindikatorar som er samla under fem områdeindikatorar. Askvoll var i 2023 totalt rangert som nummer 254 i landet, opp seks plassar frå 2022.

Totalresultat						
▲ Total	Total i fjor	Næringsliv	Arbeidsmarkedet	Demografi	Kompetanse	Kommuneøkonomi
254	260	168	96	304	311	323
1. Næringsliv						
Næringsliv i fjor		Kommunale kjøp av private*		Eiendomsskatt fra næringseiendom		
Næringsliv	Næringsvariasjon	Inntektsnivå	Privat sysselsetting	Kommunale kjøp av private*	Eiendomsskatt fra næringseiendom	
168	174	204	50	238	238	161
Næringsvariasjon		Kommunale kjøp av private*		Eiendomsskatt fra næringseiendom		
0,905	517 830	61,7%	5,1%	2 224		
2. Arbeidsmarknad						
▲ Arbeidsmarkedet	Arbeidsmarkedet i fjor	Sysselsettingsandel	Sykefravær	Uføre	Arbeidsledige	
96	133	255	125	66	82	
Sysselsettingsandel	Sykefravær	Uføre	Arbeidsledige			
53,8%	5,5%	9,9%	1,0%			

Askvoll kjem best ut i rangeringa på temaområde for arbeidsmarknad (96 plass). Her er det særleg lågt tal uføre og få arbeidsledige som trekk opp.

På temaområde næringsliv kjem Askvoll på 168 plass, der er det særleg inntektsnivået (50 plass) som trekk opp snittet. Indikator for eigedomsskatt er midt på treet. Elles er det forbettingspotensiale for næringsvariasjon (204 plass), privat sysselsetting (238 plass) og kommunale kjøp av private (238 plass).



På temaområda for demografi, kompetanse og kommuneøkonomi kjem Askvoll ut blant dei 50 svakast rangerte kommunane i Norge.

Særleg er det dei demografiske utfordringane (304 plass) som er med å skape utfordringar for kommuneøkonomien (323 plass) og folketalsveksten. På indikatorar for aldring hamnar Askvoll på 336 plass og på indikator for unge i forhold til eldre i arbeidsstyrken på 304 plass.


Men også på kompetanse (311 plass) skårar kommunen svakt. Tilgang til kvalifisert arbeidskraft er grunnleggande for næringslivet. Ulike næringar etterspør ulik kompetanse, og samtidig gir ein variert jobbmarknad fleire moglegheiter og er attraktivt for etablering og tilflytting.

Kjelde: Kommune NM, NHO. Datagrunnlaget er basert på offisielle statistikkar frå SSB og NAV.

## 53. Omsetnad i varehandel

Omsetning i varehandel i ein kommune seier noko om den økonomiske aktiviteten og kjøpekrafta blant innbyggjarane. Høg omsetnad indikerer ofte sterkt økonomi og ein levande handelssektor og eit attraktivt handelsmiljø. Høg omsetning kan indikere at kommunen trekk til seg kjøparar, både frå eigne innbyggjarar og besøkande frå nærliggande områder. Ein sterkt varehandel kan bidra til å skape og oppretthalde arbeidsplassar i kommunen. Høgare omsetning gir større skatteinntekter som kan brukast til å forbetre tenester og infrastruktur.

I følgje SSB var det 105 sysselsette personar i Askvoll innan detaljhandel i 2023. Det er 33 færre enn for 10 år sidan.



Tabellen syner utviklinga på omsetnaden i varehandel per innbyggjar. Både Askvoll og Fjaler kommune ligg under snitt for landet og eit godt stykke under Sunnfjord kommune som er eit knutepunkt for handel i vår region. Den store nedgangen i Sunnfjord skuldast kommunesamanslåinga. Omsetnaden i Askvoll var 209 mill. kr i 2013. Kjelde: SSB, tabell 04776 og 08536Tala er eksklusiv omsetning av motorkjøretøy og drivstoff, og eksklusiv meirverdiavgift.

## 54. Marin og maritim næring

Den marine og maritime næringa i Askvoll er ein viktig bidragsyter til verdiskaping og sysselsetting. Sektorane gjev mange arbeidsplassar både direkte i fiske og havbruk, og indirekte gjennom støtteindustriar som verft, transport, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. Aktivitetane bidrar betydeleg til økonomien gjennom skatteinntekter og lokale investeringar.

Sjømatnæringa sin negative effekt på økosystemet er ei stor utfordring som må løysast. Dette gjeld areal- og målkonfliktar, og konfliktar med biologisk mangfald som til dømes med villaksen.



Kartet syner akvakulturanlegg og viktige gyteområde og gytefelt for torsk.

- Tal frå Menon Economics syner at den maritime næringa i Askvoll i 2022 hadde 30 sysselsette, ei omsetning på 80 mill. kr og ei verdiskaping på 40 mill. kr.
  - I følgje SSB hadde kommunen 59 sysselsette innan sjøfart med bustadadresse Askvoll. Talet har vore synkande siste 15 åra.
  - Den marine næringa (fiske, fangst og akvakultur) i Askvoll sysselsette 106 personar i 2023. Tal på sysselsette har vore relativt stabilt siste 15 åra.
  - I følgje Kystverket sine kartressursar har Askvoll 16 akvakulturanlegg. Dette er inkludert Bue Salmon sitt landbaserte anlegg på Gjørøy.

Kjelde: Maritim verdiskapingsrapport, Menon publ. nr. 13/2024 og SSB, tabell 08536


## 55. Jordbruk og husdyr

Jordbruksnæringa bidrar til å halde oppe busetnad i distrikta, matforsyning, kulturarv og reiseliv. I tillegg er det økonomiske bidraget svært viktig gjennom produksjon, sal og eksport av varer og ved å støtte tilknytte næringar som matforedling. Matproduksjon er ein viktig del av beredskapen i Norge og sjølvforsyningsgraden er no under 40%.

Ei av dei største utfordringane i Askvoll er å få lagt om mjølkeproduksjonen frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, sikre rekruttering til næringa, og å utvikle og fornye driftsbygningane i landbruket. Høge kostnader knytt til innsatsfaktorar som gjødsel, diesel og kraftfør, samt sterkt auka byggekostnader, gjev uro i næringa.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Landbrukseigedommar</b>	433	427	421	421	424	424
<b>Jordbruksbedrifter (antal)</b>	108	105	109	111	110	111
<b>Jordbruksareal i drift (dekar)</b>	19823	19451	19733	19717	19821	19976
<b>Produktivt skogareal (dekar)</b>	47270	47252	47307	47230	46603	46603

Jordbruksnæringa i Askvoll sysselsette 75 personar i 2023 og det er 35 færre enn for 15 år sidan. Skogbruk har hatt mellom 0-4 sysselsette siste 5 åra. Bruttoproduksjon i jordbruksnæringa var i 2020 41,5 mill. kr.



I Askvoll er 3409 dekar kartlagt som dyrkbar jord, det vil sei areal som kan dyrkast opp til å bli fulldyrka jord. 44,2 prosent av areala er i dag registrert som myr. 95,1 prosent av jorda som kan dyrkast opp er i klimasone 3.

## 56. Reiseliv og turisme

Reiselivsnæringa skapar arbeidsplassar og verdiskaping både direkte i turist-relaterte jobbar og indirekte i tilknytte tenester som transport og handel. Aukande turisme kan føre til bevaring og verdsetting av lokal kultur og naturarv og investeringar i viktig infrastruktur som kjem lokalbefolkinga til gode. Næringa i vår region er prega av sesongaktivitet og mangel på arbeidskraft.

Verdiskaping Askvoll (1000 kr)			
2022	2021	2020	2019
14 472	16 844	11 897	16 658

	Overnattings-virksomhet	Serverings-virksomhet	Kultur og underholdning	Transport	Formidling	Sum
<b>Askvoll</b>	2 753	2 306	142	9 238	33	<b>14 472</b>
<b>Fjaler</b>	2 819	3 741	14	18 961		<b>25 535</b>
<b>Bremanger</b>	14 177	1 238	3 159	8 188	5	<b>26 767</b>

Tabellen syner verdiskaping i reiselivet i Askvoll 2022 samanlikna med Fjaler og kystkommunen Bremanger som har om lag like mange innbyggjarar.



Figuren over syner sysselsette i overnattings- og serveringsverksem. Desse to næringsgruppene sysselsette 22 personar i 2023, det er 27 færre enn for 10 år sidan. Kjelde: Visit Norway.no, SSB, tabell 08536

### 57. Barnehage - nøkkeltal

Dei fem kommunale barnehagane i Askvoll hadde pr. desember 2023 134 barn. 88 av barna var i alderen 3-5 år og 46 i alderen 1-2 år. Både tal tilsette (51) og tal årsverk (37,2) er på om lag same nivå som året før, og det har berre vore mindre endring i barnetalet i dei ulike barnehagane. I det følgjande vert nokre nøkkeltal frå Askvoll i 2023 presentert.



#### 92,4 prosent

av barn 1-5 år i Askvoll går i barnehage i forhold til innbyggjarar 1-5 år. Det er over snitt for kostragruppe 4 (90,7 %), men under snitt for landet utan Oslo (94 %).



#### 5,3 born

per årsverk til grunnbemanning. Det er likt med snitt for kostragruppe 4, men under snitt for landet utan Oslo (5,7 born).



#### 61,54 prosent

av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage. Dette er ein del under snitt for kostragruppe 4 (74,7 %) og landet utan Oslo (85,8 %).



#### 48,8 prosent

del barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning. Det er betre enn snitt for kostragruppe 4 (40,9 %) og landet utan Oslo (41,3 %).



#### 3,0 prosent

av barna får spesialpedagogisk hjelp. Det er under snitt for kostragruppe 4 (3,6 %) og snitt for landet utan Oslo (4,0 %).



#### 224.159 kroner

i netto driftsutgifter i barnehage per innbyggjar 1-5 år. Det er over snitt i kostragruppe 4 (220 583 kr) og snitt for landet utan Oslo (211 948 kr)



#### 10,5 prosent

i netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er under snitt for kostragruppe 4 (11,6 %), og landet utan Oslo (14,2 %).

### Utfordringar framover

- Barnehagane sitt høge sjukefråvær og lite tilgang på stabile vikarar mange stader gjer både det pedagogiske arbeidet og drift upårekna og vanskeleg. Ofte må ein tenkje nytt og kreativt rundt organisering av det spesialpedagogiske tilbodet der individuell opplæringsplan ikkje alltid lar seg gjennomføre grunna mangel på både folk og kompetanse.
- Vidareføring, implementering og utvikling av digital praksis i barnehagen
- Korleis organisere barnehagedrifta i Askvoll sentrum etter at utbygging av ny barnehage er utsett.
- Vidareføring av utbetring på uteområda. Sjølv om ein fått gjort ein del med dette dei siste åra er det framleis mykje som er u gjort
- Ein ser ein tendens til stadig meir individfokusering i samfunnet og foreldregruppa og fleire barn strevar med sjølvregulering i møte med andre både barn og voksne. Barnehagen kan ha ein viktig funksjon i rolla som støttespelarar og rettleiarar i møte med foreldre, men det krev og at det vert sett av tid til dette arbeidet.

## 58. Grunnskule -nøkkeltal

Dei fire grunnskulane i Askvoll hadde 319 elevar pr. oktober 2023. Det er same elevtalet på same tid i 2022. Elevtalet har auka litt på Askvoll og i Gjelsvik, og har gått tilsvarende ned på Atløy og Bulandet. Holmedal Montessoriskule hadde om lag 45 elevar i mai 2024. Grunnskuleopplæring for vaksne var 6 elevar i 2023, men frå sommaren 2022 til okt. 2023 har 72 vaksne fått eiga norskopplæring ved Askvoll skule.



### 81 prosent

av elevane er på meistringsnivå 3-5 i nasjonale prøvar i lesing 8. trinn. Det er svakare enn snitt for kostragruppe 4 (63,5 %) og landet utan Oslo (64,3 %).



### 76,2 prosent

av elevane er på meistringsnivå 3-5 i nasjonale prøver i rekning 8. trinn. Det er svakare enn snitt for kostragruppe 4 (64,8 %) og landet utan Oslo (64,9 %).



### 351,3 årstimar

til spesialundervisning per elev. Det er mykje over snitt for kostragruppe 4 (149,3 timar) og for landet utan Oslo (146,2 timar).



### 9,3 prosent

av grunnskuleelevarne får spesialundervisning. Det er under snitt for kostragruppe 4 (9,9 %) og landet utan Oslo (8,1 %).



### 41,9 grunnskulepoeng

i gjennomsnitt. Det er over snitt for kostragruppe 4 (41,6), men under snitt for landet utan Oslo (42,2 poeng).



### 207.400 kroner

i netto driftsutgifter til grunnskulesektor. Det er over snitt for kostragruppe 4 (174 805 kr) og snitt for landet utan Oslo (147 567 kr)

### 25,2 prosent

i netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er over snitt for kostragruppe 4 (22 %) og snitt for landet utan Oslo (23,2 %).

### Utfordringar framover

- Inkluderande skolemiljø. Nært samarbeid med heimen er helt avgjerande for å skape tillit og trygge rammer. Dette krev meir og meir av lærarane.
- Spesialundervisning – fleire og fleire elevar som treng store og omfattande hjelpetiltak og «eigne» vaksne.
- Utvikle rettleiarteama vidare i samarbeid med PPT og helsetenesta
- Pedagogiske program – høge lisenskostnadene.
- Grunnskule for vaksne – korleis motivere elevane til å møte på skulen og aktivt gå inn for opplæringa.
- Vaksenopplæringa – Lokale og ressursar i forhold til tal elevar og grupper gjer det utfordrande.
- Vedlikehald av bygga. Utbetring av symjegarderobane.
- Vidareføring av utbetring på uteområda og få på plass gode nærmiljø-anlegg ved alle skulane.
- Kompetanseløftet og andre kommunale og nasjonale satsingar har auka tal oppgåver som skulen skal gjere, men det fylgjer ikkje ekstra midlar med.
- Ungdatundersøkinga frå 2024 syner ein sterk nedgang i skuletrivsel blant ungdomsskuleelevar samanlikna med tidlegare undersøkingar.

Kjelder: SSB tabell 12255, Kommunebarometeret 2023 og Årsrapport Askvoll kommune 2023 og Ungdataundersøking Askvoll kommune 2024

## 59. Framtidig barnehage- og elevtal

Framskrivningane tar utgangspunkt i hovudalternativet i Statistisk sentralbyrå sine folketalsframskrivningar frå juni 2024. Det er betydeleg usikkerheit knytta til folketalsutvikling på lang sikt og framskrivningane må berre tas som indikasjoner.

	Hovudalternativet (MMMM)			
	2024	2030	2040	2050
0-5 år	163	155	160	144
6-16 år	410	382	323	328

Tabellen syner SSB sine folketalsframskrivningar for barn i barnehage- og grunnskulealder. Kjelde: SSB, tabell 14288

## 60. Bibliotek

Folkebiblioteka si overordna rolle er å bidra til demokrati og ytringsfriheit i samfunnet ved å sikre tilgang til informasjon og å gi arenaer for ein open og opplyst offentleg samtale. Det fysiske biblioteklokalet til Askvoll bibliotek har vore stengt over lengre tid, men frå 1. september 2022 vart det etablert eit fysisk tilbod med leige av Bankbygget i Askvoll sentrum. Denne leigeavtala er fornya med fem nye år. 2023 var såleis det første heile året med eit fysisk bibliotektilbod, og ein held framleis på å byggje opp ein ny bestand av bøker.

### Utfordringar framover:

- byggje opp ein ny, allsidig og aktuell bokstamme på minimum 9.000 eks.
- etablere eit systemisk og systematisk samarbeid mellom Askvoll bibliotek og skulane/skulebiblioteka
- etablere bibliotek i butikk att i Kvammen, Bulandet og eventuelt på Atløy
- utvikle samarbeid med flyktning-tenesta
- utvida opningsdag (4 dagar per veke + ordinær opningstid i juli).



### 591 kroner

i netto driftsutgifter til folkebibliotek pr. innbyggjar. Det er over snitt for kostragruppe 4 (431 kr) og snitt for landet utan Oslo (344 kr)



### 2 bøker

i utlån per innbyggjar i 2023. Det er under snitt for kostragruppe 4 (3,4) og landet utan Oslo (2,5).

Besök i folkebiblioteket per innbyggjar var 1,3 besök i 2023. Det er under snitt for kostragruppe 4 (4,3 besök) og landet utan Oslo (2,5 besök).

## 61. Kulturskule

Det var 124 elevar i kulturskulen i Askvoll i 2023 og aktiviteten har auka frå 2022 til 2023. I tillegg til aktivitetane musikk, kunst, teater og dans sel kulturskulen tenester til eigne einingar innan oppvekst og omsorg samt til privatskulen i Holmedal. I 2023 har ein hatt kulturskuletilbod på fire ulike stader i kommunen (Atløy, Askvoll, Stongfjorden og Gjelsvik/Kvammen). Frå 2024 vert Askvoll ein del av felles kulturskule i Hyllestad, Askvoll og Fjaler.

### Utfordringar framover:

- organisere og vidareutvikle ein felles kulturskule i HAF
- utvikle nye tilbod som treff hovudmålgruppa av barn og unge
- få til eit kulturskuletilbod i Bulandet/Værlandet.



### 11,1 prosent

av barna mellom 6-15 år deltok i den kommunale kulturskulen. Det er under snitt for kostragruppe 4 (19,3 %) og snitt for landet utan Oslo (13,2 %)

## 62. Kultur – kommunale nøkkeltal

Askvoll kommune brukar lite kommunale driftsutgifter på kultursektoren samanlikna med andre kommunar i same KOSTRA-gruppe og landet elles. Dette gjeld innanfor områda idrett, barn og unge og allmenn kultur. Kommunen har også låge brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar. Under er nokre nøkkeltal for kultursektoren i 2023. Kjelde: SSB, tabell 13135



### 1,4 prosent

i netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er mykje under snitt for kostragruppe 4 (3,3 %) og snitt for landet utan Oslo (4,1 %).



### 0,2 prosent

i netto driftsutgifter til idrett av kommunen sine totale netto driftsutgifter. Gjennomsnitt i kostragruppe 4 er 0,9 % og for landet utan Oslo 1,4 %.



### 0,6 prosent

i netto driftsutgifter til barn og unge av kommunen sine samla driftsutgifter. Gjennomsnitt i kostragruppe 4 er 0,8 % og for landet utan Oslo 0,9 %.



### 1 466 kroner

i netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar. Det er om lag halvparten av gjennomsnittet i kostragruppe 4 (2 910 kr) og landet utan Oslo (3 116 kr)




### 155 kroner

i investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar. Det er mykje under snitt for kostragruppe 4 (431 kr) og landet utan Oslo (1 121 kr).

## 63. Norsk kulturindeks

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar. Rangeringa er sett saman av 36 ulike variablar fordelt på 10 kategoriar og kommunane vert rangert etter ein samla sum av desse ti kategoriene.

I 2022 vart Askvoll rangert som nr. 274 av kommunane med 97 poeng. Dette er opp 20 plasser frå 2021 (90 poeng).



Kommunen presterer i øvre halvdel på kunstnarar, scenekunst og sentrale tildelingar. Vidare ligg kommunen «midt på treet» for kino, kultur for barn og museum, og lågt på skalaen for kulturarbeidrarar, bibliotek, kulturarrangement og frivilligkeit.

Kjelde: Kulturindeks.no med data frå Telemarksforsking.

### 64. Helse- og omsorg – nøkkeltal

Helse- og omsorg er det største tenesteområdet i kommunen med 180 tilsette og 154 årsverk i 2023. Tenesta stod for 38 % av netto driftsutgifter av kommunen sine samla netto utgifter. Det er 2,8 % meir enn i 2018.

#### **59.144 kr**



i utgifter til helse- og omsorgstenester per innbyggjar i 2023. Det er over snitt for kostragruppe 4 (49 036 kr) for landet utan Oslo (37 829 kr). Utgiftene har auka med 19 518 kr per innbyggjar sidan 2018.

#### **78,5 prosent**



av brukar-retta årsverk i omsorgstenesta har helseutdanning. Det er betre enn gjennomsnitt for kostragruppe 4 (78,1 %) og landet utan Oslo (77,5 %)

#### **10,3 prosent**



av innbyggjarane over 80 år har institusjonsplass. Ein auke på 2,2 % frå 2018. Dette er eit over kostragruppe 4 (10,0 %), og snitt for landet utan Oslo (9,9 %). Del over 80 år som brukar heimetenester er 40,6 % og godt over snitt for kostragruppe 4 (32,2 %) og landet utan Oslo (27,2 %)



#### **0,53 årsverk**

per brukar av omsorgstenester. Det er under snitt for kostragruppe 4 (0,57) og snitt for landet utan Oslo (0,59).



#### **40,6 prosent**

av innbyggjarane over 80 år nytta heimetenestetilbodet i Askvoll. Det er over snitt for kostragruppe 4 (32,2 %) og landet utan Oslo (27,2 %).

Kjelde: SSB, tabell 12209

### 65. Helse- og omsorg - Utfordringar

#### **Endra tenestebehov**

- Aukande tal eldre: Fleire eldre med komplekse helsebehov, særleg demens, kreft, hjarte- og karsjukdomar og psykiske lidinger, krev meir helsehjelp og heimebaserte tenester. Kostandane knytt til dette er høge samanlikna med andre kommunar.
- Press på sjukeheimar: Overføring av tenester frå spesialisthelsetenesta til kommunane aukar belastninga på korttidsplassar i sjukeheim. Fleire pasientar treng korttidsplassar for forsvarleg behandling og rehabilitering.
- Aukande demensførekomst: Askvoll kommune vil oppleve ein betydeleg auke i talet på personar med demens, særleg blant dei over 80 år. Dette krev fleire institusjonsplassar og dagaktivitetsplassar for demenspasientar.
- Vaksne med bistandsbehov: Fleire vaksne med omfattande bistandsbehov på grunn av progressive tilstandar vil krevje større leilegheiter og meir omfattande tenester.
- Auka behov for tenester til barn og unge: Etterspurnaden etter koordinatorar, barnevern, BUP, og fysioterapeutar har auka, og det er behov for meir avlastningstenester og rutinar på tvers av etatane.
- Velferdsteknologiske løysingar: For å redusere trykket på heime- og miljøtenester, er implementering av velferdsteknologiske løysingar nødvendig.

Kjelde: Årsrapport Askvoll kommune, 2023

# 66. Helse- og omsorg – utfordringar framover fors.

### Førebygging

- Betydning av førebygging: Førebyggande tiltak er essensielle for å halde eldre heime og friske lengre. Fysio- og ergoterapitester spelar ei nøkkelrolle.
- Aukande behov for fysioterapi: Behovet for fysioterapi aukar både hos eldre, vaksne og barn, og dette er viktig for både behandling og førebygging.
- Samarbeid med lokale utbyggjarar: For å betre butilboden nær servicefunksjonar, er samarbeid med lokale utbyggjarar viktig.
- Tverrretatleg oppvekstplan: Oppvekstplanen for Askvoll kommune inneber tidleg innsats for barn og unge gjennom tverrretatleg samarbeid.
- Tilgjengeleg helsestasjon for ungdom: Ei stabil personalgruppe på helsestasjonen er nødvendig for å sikre tilgjengelege tenester for ungdom.

### Rekruttering og behalde personell, samt kompetanseheving

- Kompetanseplan: Ein kompetanseplan for helse og omsorg er under utarbeiding. Fleire årsværk innan sjukepleie og helsefagarbeid vil gå av med pensjon dei neste åra, noko som forsterkar behovet for rekruttering.
- Lokal kompetanseheving: Lokalt fokus på kompetanseheving og utdanning for tilsette i helse- og omsorgstenestene er nødvendig for å møte framtidige behov.
- Rekrutteringsutfordringar: Heimetenesta på Bulandet og Værlandet møter rekrutteringsutfordringar på grunn av lang reisetid og sjeldne ferjeavgangar, noko som aukar kostnadane.
- Legetenester: Mangel på fastleggar fører til fleire vikarar, noko som er utfordrande for både tilsette og pasientar. Legemangel gir fleire vakter per lege.
- Psykisk helse og rusarbeid: Mangel på psykologar aukar presset på andre helsepersonell, og det er behov for langsiktige løysingar i samarbeid med omkringliggende kommunar eller spesialisthelsetenester.

### Organisering av tenestene og arbeidsfordeling

- Etablering av tildelingskontor: Planlagt i 2024, er dette nødvendig for betre organisering av tenester.
- Forbetring av organisering: Arbeidet med å samle tenester innan bu- og miljøtenesta bør fortsette for å oppnå betre fagmiljø og utnytting av kompetanse.
- Gode pasientforløp: Prosjektet for å forbetre overgangane mellom ulike helsetenester skal vidareførast.
- Kompetansemangel: Det er nødvendig å gjennomgå og endre arbeidsoppgåver mellom yrkesgrupper for å møte kompetansemangel.

### Vedlikehald og rehabilitering av bygningsmassen

- Vedlikehaldsbehov: Store delar av sjukeheimen treng vedlikehald, inkludert institusjonskjøkkenet og fleire pasientbad.
- Utbetre bygningar: Den eldste delen av Fløyen og fleire andre område viser teikn på slitasje og krev rehabilitering. Vassinntrenging og problem med maur i sommarmånadane er også utfordringar.
- Mangel på kontor og garderober: Det er mangel på kontor og eigna garderober for menn.

Kjelde: Årsrapport Askvoll kommune, 2023

## 67. Kommuneøkonomi - nøkkeltal

Netto driftsresultat var negativt med 3,5 prosent i 2023. Teknisk berekningsutval anbefaler eit overskot på 1,75 %. Driftsresultat i 2021 og 2022 var 0,3 %. Under er nokkeltal for kommuneøkonomien i 2023. Askvoll kommune vart plassert på 279. plass blant kommunane rangert på økonomi av Kommunebarometeret.



### -3,5 prosent

i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Snitt for kostragruppe 4 er 0,5 % og for landet utan Oslo 1,0 %.



### 55,9 prosent

i netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Opp fra 49,7 % i 2022. Snitt for kostragruppe 4 er 48,8 % og landet utan Oslo 51,9 %.



### 94,9 prosent

i langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter. Snitt for kostragruppe 4 er 97,6 % og landet utan Oslo 115,4 %.



### 10,2 prosent

i disposisjonsfond i del av brutto driftsinntekter. Storleiken på fondet var 12,7 % i 2022. Snitt for kostragruppe 4 er 10,6 % og landet utan Oslo 13,6 %. Fondet er ikkje en fysisk bankkonto, men ein storleik i rekneskapen som har stor betydning for handlingsrommet i budsjettet.



### 140.057 kroner

i brutto driftsinntekter per innbyggjar. Det er over snitt for kostragruppe 4 (126 148 kr), men landet utan Oslo (106 146 kr).




### 142.100 kroner

i brutto driftsutgifter per innbyggjar. Det er over snitt for kostragruppe 4 (126 729 kr), og landet utan Oslo (106 609 kr).



### 8,6 prosent

i brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Ned frå 14,8 % i 2022. Snitt for kostragruppe 4 er 12,1 % og landet utan Oslo 14,0 %.



Figuren syner utgifter per tenesteområde i Askvoll kommune 2023.

Kjelder: SSB, tabell 12134, 12143 og 12137

### 68. Folkehelse i Askvoll

I dette siste temaområdet, «korleis har vi det», er det lagt vekt på vår sosiale berekraft, med oppvekstprofil og folkehelseprofil inkludert.

Å fremje folkehelsa er eit viktig mål som skaper meir velferd og livskvalitet for den enkelte. Det er ei samfunnsoppgåve å forvalte denne ressursen på best mogleg måte. Identifisering av folkehelseutfordringar og -ressursar dannar grunnlaget for avgjerder i det laupande folkehelsearbeidet og i langsiktig planlegging etter plan- og bygningslova.

Folkehelselova krev at kommunen skal ha nødvendig oversikt over folkehelsa til innbyggjarane og påverknadsfaktorar og identifisere folkehelseutfordringar. Folkehelseoversikta til Askvoll vart oppdatert i fjor og gir saman med «Utviklingstrekk i Askvoll» ei heilskapleg oversikt og grunnlag for avgjerder i folkehelsearbeidet.


Folkehedsdokumentet inneheld ei fullstendig oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorane. I dette dokumentet har vi valt å trekke fram nokre av indikatorane med bakgrunn i hovudutfordingane og presentere dei med oppdaterte tal og nye undersøkingar.

Positive og negative påverknadsfaktorar verkar inn på helsa og omfattar både helsefremjande og førebyggande faktorar på den eine sida og risikofaktorar på den andre. Desse faktorane er ofte knytt til samfunnsforhold, levekår og miljø. Figuren frå Whitehead & Dahlgren viser at individuelle val, med unntak av alder, kjønn, biologi osv., blir påverka gjennom eit sett med ytre faktorar, både i miljø og samfunn, positive som negative. Figuren syner også at det må arbeidast på mange nivå og i mange sektorar for å førebygge sjukdom og fremje helse.

Oversiktsarbeidet skal ha eit fordelingsperspektiv, med merksemdund på korleis påverknadsfaktorane er fordelt i befolkninga. Dette gjer at kommunen kan redusere helseforskjellar gjennom våre virkemidlar.

Oppdraget til kommunen gjennom folkehelselova §4 er:

- Å fremje helse og trivsel
- Å fremje gode sosiale og miljømessige forhold
- Å bidra til å førebygge sjukdom, skade eller lidning
- Å bidra til å utjamne sosiale helseforskjellar
- Å bidra til å beskytte mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa



Påverknadsfaktorar for helse. Whitehead & Dahlgren (1991)

## 69. Befolknings- og familiesamansetnad

Tabellen under syner kva familiesamansetnader vi har i Askvoll, og endringane frå 2014-2023.

	2014	2022	2023	Endring 2014-2023
Einpersonfamilie	464	533	553	19,2 %
Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	110	109	110	0 %
Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	163	133	124	-23,9 %
Par med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	97	89	81	-16,5 %
Par utan barn	352	375	380	8,0 %
Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)	19	15	13	-31,6 %
Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)	33	39	47	42,4 %
Mor/far med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	46	51	51	10,8 %

Det er størst del einpersonsfamiliar. Par med små barn er uendra frå 2014, medan par med store og vaksen barn har gått ned. Par utan barn har gått opp med 8 %.

Tal på personar per hushald har òg gått ned. I Askvoll var det 2,19 personar per hushald i 2023. I 2014 var talet 2,35 personar per hushald.

I Askvoll budde 20 % av innbyggjarane mellom 45 og 75 år åleine i 2023. Dette er 3 % fleire enn for 10 år sidan, men under snitt for fylket (22 %) og landet (23 %). Når det gjeld gruppa over 75 år bur 39 % åleine.

Fruktbarheitstala i Norge går nedover. Dette er eit mål for kor mange barn kvinner i ein befolkning i snitt vil føde dersom det gjeldande fruktbarheitsmønster varer ved. Ser vi bort frå inn- og utvandring, må fruktbarheitstalet i eit land vere om lag 2,1 barn for at folketalet ikkje skal reduserast på sikt. Norge har hatt eit snitt under 2,1 sidan midten av 1970-tallet, og i 2023 var talet 1,40.

Kjelder: SSB, tabell 06083 og 09747, og FHI-kommunehelsa statistikkbank

## 70. Utanforskap

Utanforskap er eit omgrep som beskriv situasjonen der individ eller grupper ikkje deltek fullt ut i samfunnet, og er ei av dei største samfunnsutfordringane vi har i Vestland i dag.

Utanforskap kan skyldast fleire årsaker, som manglande deltaking i utdanning eller arbeidsliv, språkutfordringar, kulturelle forskjellar, sjukdom eller funksjonshemminger. Utanforskap er ofte knytt til sosiale forskjellar og kan føre til isolasjon og redusert livskvalitet.

Ein høg del ungdom som mottek helserelaterte ytingar har dårligare psykisk helse og er lågt utdanna. Familie- og innvandrarbakgrunn, avbrot i skulegang, dårlig psykisk helse, og psykososiale problem har betydning.

Eit utanforskap kan ha alvorlege konsekvensar for den det gjeld, men er også eit stort tap for samfunnet og ofte med store økonomiske kostnader.

### 5,5 prosent

av alle unge i Askvoll mellom 15 og 29 år var ikkje i arbeid, under utdanning eller i opplæring i 2022. Det er ned 3,3 % frå året før. Snitt for fylket er 8,6 % og landet 9,5 %. Blant innvandrarar i Askvoll var talet i 2022 15,5 %.

I følgje NAV Askvoll er det få saker få saker i gruppa under 30 år, men sakene er samansette og handlar om både helse, økonomi og sosiale utfordringar. Desse ungdommane treng tett oppfølging over fleire år, både frå NAV og andre i hjelpeapparatet.



### 54-61 personar

var arbeidssøkjarar med nedsett arbeidsevne (mottakarar av AAP) i Askvoll i 2023. Talet har vore stabilt siste åra.


Korrigert for behovet, mottar 6,15 % av innbyggjarane over 25 år i Askvoll sosialhjelp. Tendensen for Kommune-Norge er 3,75 %. Gjennomsnittleg stønadstid for dei over 25 år i kommunen er 14,1 månader.

Kjelder: FHI-kommunehelsa statistikkbank og Årsrapport Askvoll kommune 2023

### 71. Gjennomføringsgrad vidaregåande skule

Fråfall frå vidaregåande opplæring utgjer ei stor utfordring, fordi tilknyting til skule og arbeidsliv er sentralt for unge si helse og livskvalitet. Ungdom utan vidaregåande skule har dårlegare helse, bruker meir rusmidlar og har fleire psykiske lidingar enn dei som fullfører 12-årig skulegang.

Mykje tyder på at psykiske problem er den viktigaste grunnen til at ungdom fell ut av skulen. Svake skuleprestasjonar i ungdomsskolen som fell saman med låg motivasjon og manglende engasjement for læring er ein risikofaktor. Dette kan igjen ha bakgrunn i tidleg sosialisering. I eit folkehelse-perspektiv er det såleis viktig å sette inn verksame tiltak så tidleg som mogeleg.



Figuren syner gjennomføring vidaregåande skule i prosent. Inkluderer personar som starta på vidaregåande opplæring for første gang eit gitt år og delen som har fullført med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år. Utgangspunkt i personen sin bustadkommune. 3-års glidande gjennomsnitt. Kjelde: FHI, kommunehelsa.

### 72. Sjukefråvær

Sjukefråværet i Noreg var i 2023 på 5,6 prosent. Dette er det høgste årsnivået på sjukefråværet sidan 2009. Kvinner har eit høgare sjukefråvær (7,2 % i 2023) enn menn (4,2 % i 2023).

Sjukefråværet i Vestland var i 2023 på 5,6 %, medan innbyggjarane i arbeidsfør alder i Askvoll hadde eit sjukefråvær på 5,3 % i 2023.

Tiltak for å hindre lange sjukmeldingar kan vere viktige for å førebygge overgang til uføretrygd. Ei rekke studiar har vist at jobbtap heng saman med auke i m.a. psykiske plager og dødeleggjelighet, mens helsa kan bli betre når ein kjem attende til arbeid igjen. Men arbeidsplassen kan også vere ei kjelde til skadar, sjukdom og helsevanskar. Kjelde: FHI og Kommuneprofilen.no

### 73. Stønad til livsopphald

Mottakarar av stønad til livsopphald omfattar uføretrygd, arbeidsløysetrygd, arbeidsavklaringspengar, overgangsstønad for einslege forsørgjarar og tiltaksmottakarar (individstønad). I Askvoll fekk 13 % av befolkninga slik støtte i 2021. Det er under snitt for fylket (16 %) og landet (17 %).

Delen barn 0-17 år som bur i familiarar som tok imot sosialhjelp var 7 % i 2022, og har auka dei siste fire åra. Dette er over snitt for fylket (4,5 %) og landet (6,3 %).

Ved utgangen av 2023 fekk 10,4 % av befolkninga i Norge mellom 18 og 67 år uføretrygd. Pr. mai 2024 var det i Askvoll 56 personar på uføretrygd.


Kjelder: FHI, kommunehelsa og NAV Statistikknotat

### 74. Låginntekt og økonomiske skilnader

Det er sterk samanheng mellom låg inntekt og dårlig helse, og ein ser systematiske skilnader på fleire viktige område mellom barn som veks opp i familiar med låg inntekt og andre barn. Helse og deltaking i samfunn er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap, og med negative konsekvensar for enkeltmenneske og for samfunnsutviklinga.

Delen personar som bur i hushald med vedvarande låginntekt er lågare i Askvoll enn i landet som heilskap, men talet har vakse og var i 2022 på 9,1 %. Tal barn og unge (0-17 år) i Askvoll frå hushald med låg vedvarande låginntekt var i 2022 på 10,3 %, det er 1 % over snitt for fylket.

Dei økonomiske skilnadane blant innbyggjarane har auka i Askvoll dei siste ti åra, og skilnadane i inntekt var i 2022 større enn snitt for Vestland og på same nivå som gjennomsnitt for landet.



Figuren syner utvikling i del hushald med låginntekt over ein 3-årsperiode målt i prosent av innbyggjartalet. Låginntekt er under 60 % av nasjonal medianinntekt over ein treårs-periode, berekna etter EU-skala. Kjelde FHI.

### 75. Barnevern

Barn under tiltak frå barnevernet varierer i følgje tal frå SSB mellom kommunar i Vestland. Utviklinga siste 5 åra har vore stabil utan at ein kan identifisere større trendar. Ei auke kan skuldast at barnehagen, skulen og kommune- og spesialisthelsetenesta har blitt meir merksam på risikofaktorar og sender fleire meldingar til barnevernet. Ein må vere merksam på at ei auke i barn under tiltak frå barnevernet ikkje nødvendigvis er ein negativ folkehelsetrend.

Tal for Askvoll syner at barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 i 2022 var på 5,7 prosent. Det er ein nedgang på 0,6 % frå året før, men ligg ein del over snitt for Vestland (3,3 prosent) og landet (3,5 prosent).

Askvoll ligg under gjennomsnitt for fylket når det gjeld barn med undersøking av barnevernet i forhold til tal innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år. Askvoll hadde 3,1 % undersøkingar i 2022 samanlikna med 3,3 % i gjennomsnitt snitt for fylket og 3,7 % i landet. Tala frå FHI syner samtidig at barn med barnevernstiltak samla sett har gått mykje ned i Askvoll i perioden frå 2019 (6,8 %) til 2022.

Generelt er delen fristbrot redusert mykje dei siste åra. For Askvoll sin del vart 88 prosent av undersøkingane gjennomført innan 3 månader i 2022. I løpet av dei fire siste åra sett under eitt, er 79,25 prosent av sakene handsama innanfor 3 månader. Til samanlikning ligg tilsvarande del for dei beste kommunane i landet på 100 prosent.

Tal barn med undersøking eller tiltak per årsverk er ein måte å måle bemanninga på. I Askvoll er talet 19, mot 14,70 barnevernssaker per årsverk nasjonalt. Kommune bruker meir pengar på førebyggande tiltak for barn i alderen 0–5 år. Det kan redusere behovet for barnevernstiltak seinare.

Kjelder: FHI, Kommunehelsa Statistikkbank og Kommunebarometeret 2023.

### 76. Ungdata undersøking 2024

Ungdata-undersøkingane kartlegg korleis barn og ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga omfattar tema som er knytt til familie, venskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i aktivitetar.

Dei fleste kommunar nytta Ungdata som eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle den lokale oppvekstpolitikken og data blir brukt i det førebyggjande folkehelsearbeidet.

Askvoll har gjennomført Ungdata på 8-10. trinn i 2011, 2015, 2017, 2021 og i 2024 noko som gjer det mogeleg å sjå på korleis situasjonen utviklar seg over tid. Ungdata Junior for 5-7 trinn er gjennomført to gongar, i 2021 og 2024.

I det følgjande vert nokre resultat og utviklingstrendar presentert.




### 77. Nedgang i trivsel og framtidstru

Skulen er ein god stad å vere for dei fleste, men ikkje for alle. Tidstrenden syner at delen ungdomsskuleelevar som er nøgde med skulen dei går på har gått mykje ned sidan 2011. Denne same tendensen ser ein på mellomtrinnet (frå 94 % i 2021 til 68 % i 2024).

- Fleire enn tidlegare svarer at dei ofte gruar seg til å gå på skulen
- Fleire elevar enn før opplever press om å gjere det bra på skulen
- Fleire enn tidlegare føler dei ikkje passar inn blant elevane på skulen
- Fleire enn før kjedar seg på skulen
- Om lag 56 % opplever å bli stressa av skulearbeidet
- Fleire enn før har skulka skulen

Tidstrend i Askvoll kommune.  
Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med skulen dei går på



Det må leggast til at nedgang i trivsel ikkje berre gjeld skule. Undersøkinga syner at elevane også er mindre fornøgd enn tidlegare med:


- vennane sine
- lokalmiljøet sitt
- foreldra sine
- med ulike sider av livet sitt

Framtidstrua på eit godt og lykkeleg liv har gått ned og fleire enn før trur at dei ein gang vil bli arbeidsledig.

## 78. Auke i bruk av alkohol og narkotika

### Alkohol

- 14 % av elevane ved ungdomsskulane rapporterer å drikke alkohol nokså jamt eller kvar veke. I 2011 rapporterte berre 1 % om dette.
- 16 % svarer å få lov av foreldra å drikke alkohol. I 2017 rapportere berre 1 % om dette. Tala for Norge i sin heilskap er 5 %.
- 24 % svarer å ha drukke så mykje at ein har følt seg tydeleg rusa. I 2017 rapporterte berre 8 % om dette.



### Narkotika

- 7 % oppgjør å ha prøvd hasj/marihuana/cannabis ein eller fleire ganger siste året. I 2011 var det ingen som rapporterte om dette.
- 7 % oppgjør å ha forsøkt andre narkotiske stoff ein eller fleire ganger siste året. I 2011 var det 1 % som rapporterte om dette.
- Heile 15 % oppgjør å ha opplevd å bli tilbudd hasj eller marihuana siste året. I 2011 var det 4 % som rapporterte om dette.
- 34 % rapporterer at å drikke seg full aukar status i vennegjengen. I 2011 var det berre 4 % som svarte dette. 9 % rapporterer om det gjev status i vennegjengen å røyke hasj.

### Tobakk

- 6 % oppgjør å røyke kvar veke eller dagleg. Tilsvarande tal frå 2011 var 1 %.
- 6 % oppgjør å snuse kvar veke eller dagleg. Tilsvarande tal frå 2011 var 2 %. 4 % oppgjør å bruke e-sigarettar/vape jamt eller kvar veke.


## 79. Fleire rapporterer om psykiske plager

- Blant ungdomsskuleelevene rapporterer 18 % om mange psykiske plager dei siste sju dagane. Tilsvarande var det berre 3 % som svarte dette i 2011.
- Fleire enn tidlegare rapporterer om at «alt følast som eit slit», følt seg ulykkeleg, trist eller deprimert, følt håplausheit med tanke på framtida, følt seg einsam og bekymra seg mykje om ting.



### Stress og press

- Fleire enn tidlegare rapporterer om press, særleg gjeld dette jentene. Press om å sjå bra ut eller ha ein fin kropp, og press om å gjere det bra på skulen eller i idrett.



### Mobbing

- Fleire oppgjør å oppleve mobbing. Heile 14 svarer å ha blitt mobba minst kvar 14. dag. Det er over snitt for fylket (11 %) og landet (8 %). På mellomtrinnet svarer 16 % av barna å ha blitt stengde ute, plaga eller truga av andre barn kvar 14. dag eller oftare.

### 80. Auke i skjermbruk og SOME

- 63 % av ungdomsskuleelevarne rapporterer om at dei er minst to timer på sosiale media på ein gjennomsnittsdag, mot 33 % i 2015.
- 77 % oppgjev å bruke skjerm (utanom skulen) i minst 3 timer kvar dag, mot 33 % i 2015.
- På mellomtrinnet svarer over halvparten av elevane at dei er minst 1 time på sosiale media etter skulen, og 41 % brukar meir enn 3 timer dagleg framfor ein skjerm.
- Nær halvparten av elevane på ungdomsskulen oppgjev å halde det ein skriv/delar på sosiale media skjult for foreldra.
- 3 av 4 elevar meiner foreldra er gode rollemodellar når det gjeld bruken av sosiale media.
- 7 av 10 elevar på ungdomsskulen svarar at dei ville følt seg utanfor om dei ikkje var på dei same sosiale media som vennane.

### 82. Helse og søvnproblematikk

- Færre no enn tidlegare er nøgde med helsa si. Berre 59 % rapporterer om dette samanlikna med 82 % i 2011.
- Det er også fleire som rapportørar om fysiske plager som hovudverk.
- Heile 33 % rapporterer om bruk av smertestillande kvar veke eller kvar dag, mot 11 % i 2017.
- 30 % rapporterer at dei har hatt problem med å sovne minst 3 dagar i veka i løpet av siste veke, mot 18 % i 2021.
- 29 % oppgjev at dei har vore så trøtte at det har gått ut over skule eller fritid minst 3 dagar i veka i løpet av siste veke, mot 22 % i 2021.



### 81. Dårlegare skåre på livskvalitet

Livskvalitet handlar om det som gjer livet godt å leve og har både materielle og subjektive sider. Ungdata kartlegg fleire av det vi kan kalle dei kjenslemessige sidene av dei unge sin livskvalitet, som til dømes glede, energi og engasjement.

- Færre en tidlegare svarer at ein likar seg sjølv slik ein er. 67 % mot 79 % i 2021.
- Færre enn tidlegare føler seg nyttig og at dei meistrar ting.
- Færre enn tidlegare oppgjev å ha vore glad siste veka. 66 % mot 80 % i 2021.
- Fleire enn tidlegare svarer å ikkje ha alt ein ønskjer seg i livet.

### 83. Mindre deltaking i org. aktivitetar?

- Deltaking i organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar ser ut til å ha gått ned samanlikna med tal frå 2011 og 2015. I følgje Ungdata er det mindre deltaking både i idrettslag, fritidsklubbar, religiøse foreiningar, korps, kulturskule og andre lag, foreiningar eller organisasjonar.
- Det er likevel like mange som før som oppgjev å trenere eller konkurrere i eit idrettslag.
- Mange fleire ungdommar trenar på treningsstudio minst ein gang i veka enn tidlegare. Noko fleire enn før driv også med eigenorganisert trening som løping, symjing, sykling eller går tur.

## 84. Oppvekstprofil 2024



**2024**

Oppvekstprofilen viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen, og kan brukast i planarbeidet for barn og unge og derira oppvekstmiljø. Indikatorane er valde med tanke på å fremje oppvekstmiljøet for barn og unge, og må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale tilhøve.

Utgitt av:  
Folkehelseinstituttet, Postboks 222 Skøyen, 0213 Oslo.  
Ansvarlig redaktør: Guri Rørtveit  
E-post: [oppvekstprofiler@fhi.no](mailto:oppvekstprofiler@fhi.no)

Statistiken er henta fra [Kommunehelsa statistikkbank](#) per april 2024

Illustrasjon: FHI  
Nynorsk

Batch 1604241636.1604241702.1604241636.1604241702.16/04/2024 17:35

Oppvekstprofilen er utarbeidde i samarbeid mellom fem ulike direktorat og Folkehelseinstituttet.

## Askvoll

Tema for profilane i år er kvifor vennskap og fellesskap med jamaldra er så viktig for barn og unge. Temaet blir speglia i indikatorar og figurar.

Nedanfor presenterast nokre nøkkelta for barn og unge i kommunen:

- Andelen barn (0-17 år) i kommunen per 1.1.2023 som er innvandret eller norskfødt med innvanderforeldre, er lågare enn landsnivået. Andel og talet på barn som innvandrar har halde fram med å auka i dei fleste kommunar i 2023, som følgje av krigen i Ukraina. Om lag ein tredel av flyktningane som har komme til Noreg frå Ukraina er barn og unge.
- Kommunen skil seg ikkje signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.
- I kommunen er andelen unge (15-24 år) som står utenfor lågare enn landsnivået. Unge som står utanfor utdanning, jobb og opptrening er ofte relasjonelt sårbare og økonomisk utsett. Dei har gjerne behov for vaksne som ser dei.
- Andelen ungdomsskulelevar som oppgir at dei har høg tilfredsheit med livet er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Andelen inkluderer dei som svarer 8 eller høgare på ein skala frå 0-10 der 0 er det verst moglege livet dei kan tenke seg og 10 det best moglege. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.




## Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanför blir nokre nøkkelta for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnssamsetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanför for å sjå utvikling over tid i kommunen. [Kommunehelsa statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grønne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet



## 85. Folkehelseprofil 2024



### Askvoll



#### Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen

Helsa til eldre er temaet for folkehelseprofilen 2024, og indikatorar og figurar tar utgangspunkt i dette temaet.

Indikatorane som blir presenterte i profilen er valde med tanke på helsefremjande og førebyggande arbeid, men er også begrensa av kva for data som er tilgjengelege på kommunenivå. All statistikk må tolkast i lys av anna kunnskap om lokale forhold.

#### Befolking

- Andelen unge eldre (65-79 år) i kommunen er høgare enn landsnivået. Finn tal for andelen over 80 år på side 4. Les meir om eldre og helsa deira på midtsidene.
- I aldersgruppa 75 år og eldre er andelen som bur aleine ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

#### Oppvekst og levekår

- Kommunen skil seg ikkje signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlige inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.
- Andelen som bur i hushald med høg gjeld, er lågare enn landsnivået. Høg gjeld vil seie ei gjeld som er tre gongar høgra enn samla hushaldsinntekt.

#### Miljø, skadar og ulykker

- Andelen ungdomsskolelevar som opplev at det er trygt å ferdist i nærområdet på kveldstid, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.

#### Helserelatert afferd

- Andelen 17-åringar som oppgir at dei trenar sjeldnare enn éin gong i veka er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået, vurdert etter resultat frå nettbasert sesjon 1 for gutter og jenter.

#### Helsetilstand

- Talgrunnlaget er for lite til å vise om det er forskjell i forventa levealder mellom utdanningsgruppene i kommunen. Dette er ein indikator på sosiale helseforskellar.


## FOLKEHSEPROFIL 2024

### Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøykelta til for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonne er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnssammensetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebære ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiorrådet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårligare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet



### Samandrag av utfordringsbiletet i Askvoll

For å gjere funn frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaga lettare tilgjengeleg vert det presentert eit samandrag av hovudtrekka i dette kapittelet.

Samfunnssdelen av kommuneplanen vart vedtatt i 2023 og innehold fire satsingsområde, kvart område med sine definerte mål, delmål og strategiar.

Kommunen sitt oppdaterte kunnskapsgrunnlag kan forhåpentlegvis bidra til betre og meir presis kunnskap innanfor dei prioriterte områda og gje grunnlag for diskusjon kring nye tiltak for å nå målsettingane.

#### Demografi

#### - Kven er vi?

- Befolkningsutviklinga er knytt til skeiv alderssamsetnad og Askvoll har fleire over 67 år enn under 20 år.
- Folketalsframkrivingane er negative og det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder.
- Befolkningsendringane utfordrar kapasiteten i kommunen. Vi får stadig større del pensjonistar som må forsørgjast av stadig færre personar i arbeidsdyktig alder.
- Det er utfordrande å tette avstanden mellom aukande behov, kommuneøkonomi og tilgang til arbeidskraft til velferdstenester.
- Låge fødselstal gjer at kommunen er avhengige av innflytting for å halde folketalet stabilt.

#### Bustadstruktur

#### - Kvar bur vi

- Det er lite mangfold i bustadtilbodet og behovet for fleire bufellesskap og leilegheiter i helsefremjande og universelt utforma bummiljø er stort.
- Askvoll treng 113 fleire leilegheiter og småhus om 15 år enn vi har i dag. Vi må få til ei dreiling av bustadsamansettninga med nybygging av leilegheiter og utskifting av dagens bruk av einebustader til yngre og familiar.
- Berre ein av tre eldre i Askvoll over 80 år klarer seg utan helse- og omsorgstenester, og spreidd busetting gjer det krevjande å oppretthalde det kommunale tenestetilbodet til eldre.
- Kommunen må planlegge bustadutvikling frå sentrum av lokalsentra og utover for å redusere tenestebehovet. Slik kan m.a. eldre bu nærmare handel- og service-sonene og leve sjølvstendige liv lenger.
- Det er liten omsetnad på dei kommunale einebustadtomtene. Mangel på bustadar både for eige og leige, samt attraktive og byggjeklare tomter kan skape fråflytting og hindre auka tilflytting.

# HOVUDTREKK - UTFORDRINGSBILETET

## Infrastruktur og samferdsel

- Kvar bur vi?

- Stort vedlikehaldsetterslep og behov for oppgradering på den kommunale bygningsmassen. Store delar av sjukeheimen treng vedlikehald, inkludert institusjonskjøkkenet og fleire pasientbad. Vedlikehald av skulebygga og utbetring av uteområde er nødvendig.
- Eit relativt stort behov for oppgradering av vatn- og avlaupsanlegg
- Eit lite frekvent kollektivtilbod med buss og ferje
- Kraftnettet og straumforsyninga til enkelte delar av kommunen er i dag sårbart med låg kapasitet

## Naturmangfold, arealbruk, klima- og miljø

- Kvar bur vi?

- Endringar i arealbruk og klima påverkar naturmangfaldet. Vi må sikre ein god balanse mellom bruk og vern av naturområda for å trygge naturmangfold, landskaps-, kulturminne- og friluftsverdiar.
- Klimaet er i endring og hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrregn, stormflo, flaum, ras og skred kan påverke kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø.
- Mesteparten av våre klimagassutslepp kjem frå sjøfart, landbruk og transport
- Askvoll må redusere sine utslepp i tråd med dei nasjonale målsettingane.

## Næringsliv og sysselsetting

- Kva gjer vi?

- Rekruttering av relevant arbeidskraft er ei stor utfordring
- Få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakrar med høgare utdanning
- Lite mangfold blandt bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar
- Askvoll har lågare utdanningsnivå/kompetanse enn mange andre kommunar.
- Det er liten til ingen omsetnad på dei kommunale næringstomtene.

# HOVUDTREKK - UTFORDRINGSBILETET

## Kommunal tenesteyting og forvaltning

- Kva gjer vi?

- Endra rammeføresetnader med fleire oppgåver og større ansvarsområde gjer det krevjande å tilpasse tenestetilbodet til dei økonomiske rammene
- Helse- og omsorgssektoren står overfor fleire store utfordringar. Auken i talet på eldre med komplekse helsebehov og demens pressar på helsehjelp og korttidsplassar i sjukeheimar. Det kan sjå ut som behovet for tenester til barn og unge, samt vaksne med omfattande bistandsbehov, er aukande. Rekrutteringsutfordringar innan helsepersonell, spesielt for heimetenester og legetenester, skaper ytterlegare belastning.

## Oppvekst og levekår

- Korleis har vi det?

- Skilnadane i inntekt og utdanning har blitt større, og tal på born frå hushald med vedvarande låginntekt har vakse. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap.
- Det kan sjå ut til å bli fleire born som har ekstra utfordringar. Ein opplever ein auke i behov for spesialundervisning og pedagogiske program.
- Kompetanseløftet og andre satsingar aukar oppgåvene utan ekstra midlar. Grunnskule og vaksenopplæring slit med å motivere og tilpasse ressursar. Det krev meir av lærarane å skape eit inkluderande skolemiljø med nært samarbeid med heimen.
- Ungdatundersøkinga viser ein nedgang i trivsel og framtidstru, auke i bruk av rusmidlar, fleire som rapporterer om psykiske plager, därlegare skåre på livskvalitet, auke i skjermbruk og søvnproblematikk.

Dette er nokre av dei viktige utfordringane som kommunen må forsøke å løyse for å nå målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget og måla i samfunnsdelen vert det vidare peika ut nokre fokusområde som bør få merksemd når planbehov og nye tiltak skal diskuteras. Ved å utvikle Askvoll vidare på områda under er det grunn til å tru at vi samstundes kan løyse fleire andre utfordringar.

## 1. Korleis skal Askvoll hindre utanforskap og redusere sosiale skilnader?

Om lag éin av ti fell utanfor utdanning og arbeid. Å stå utanfor viktige samfunnsarenaer er ei belastning for enkeltmenneske og eit ressurstap for samfunnet. Hovudutfordringane for god livskvalitet og like moglegheiter er fråfall i vidaregåande opplæring og utanforskap, og sosial ulikskap i helse, inntekt, bustad og samfunnsdeltaking. Reduserte skilnader i levekår vil sikre innbyggjarane like mogelegheiter, motverke utanforskap og fremje god folkehelse. Dei store kompetanse- og arbeidskraftutfordringane gjer at vi i Askvoll treng alle med.

## HOVUDTREKK - UTFORDRINGSBILETET

Ungdataundersøkinga tyder på redusert trivsel blant ungdom på fleire viktige område, mellom anna på skulen, men også ein tendens til lågare engasjement og deltaking i samfunnet. Berre éin av tre kan tenke seg å bu i kommunen når dei vert vaksne. Fleire unge rapporterer om psykiske plager, mobbing, vold i nære relasjoner og rusmiddelbruk ser ut til å ha auka mykje.

Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet blir særsviktig for å gje borna meistring og motivasjon til utdanningsløpet og livet som står føre. Vi må prioritere førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Ein ser ein tendens til stadig meir individfokusering i samfunnet og fleire barn strevar med sjølvregulering i møte med andre, både barn og vaksne. Helsestasjon, barnehage og skulen kan ha ein viktig funksjon i rolla som støttespelarar og rettleiarar i møte med foreldre, men det krev tid, ressursar og kompetanse. Vidare satsing på sosial kompetanse og grunnleggande ferdigheter i barnehage og grunnskule vert viktig.

Vi må legge til rette for at alle får brukt sine ressursar som grunnlag for livskvalitet og meistringsfølelse, uavhengig av alder. Den demografiske utviklinga skaper store kompetansebehov i åra som kjem. Integreringspolitikken vil bety mykje, i tillegg til å utvikle dei rette opplærings- og utdanningstilboda.

### **2. Korleis skal Askvoll utvikle statkvalitetane?**

Statkvalitetar, miljø og sosiale forhold er blitt viktigare for kvar folk vil flytte til og bu. Stadutvikling, eit estetisk miljø og god tilgjengeleghet for alle viktig for attraktivitet og livskvalitet. God forvalting og av kyst- og øykulturen, og god ivaretakinga av kulturarv, natur- og miljøkvalitetar kan også gjere ein skilnad.

Forbetring og satsing på utvikling av kultur og identitet er områder som kan betre omdøme og auke attraktiviteten for bustad, næring og besøk. For å bli attraktiv må ein plass gjere noko meir eller smartare enn tidlegare. Sosiale og kulturelle møteplassar, aktivitetar og tilbod er viktig. Nabolaget har ikkje berre betydning for trivsel og tilhørsle, men også for skuleresultata til born og unge. Eit lokalsamfunn som tek miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining, og bidreg til å førebygge klimaendringar aukar også sin attraktivitet hjå yngre.

Askvoll har gode tradisjonar med stor og brei frivillig innsats. Dette er ein ressurs som er med å byggje attraktive lokalmiljø. Korleis ein kan trygge og utvikle den frivillige innsatsen er noko som bør få fokus.

### **3. Korleis skal Askvoll byggje «5-minuttars samfunn» i lokalsentra?**

Gode lokalsamfunn krev kvalitet og nære tilbod, tenester og infrastruktur. Utviklinga i bustadmarknaden påverkar attraktiviteten til stadar, og kor det er mogleg å busette seg. I Askvoll er det ofte langt mellom barnehagar, skular, handel og omsorgstilbod. Mangel på denne infrastrukturen utfordrar moglegheitene til busetnad.

## HOVUDTREKK - UTFORDRINGSBILETET

Kvalitetar i bumiljøet kan bidra til god livskvalitet, men å balansere bustadpreferansar med andre interesser er ei utfordring i heilskapleg stadutvikling. Til dømes forventar samfunnet at eldre skal etablere seg i mindre bustadar enn dei sjølve ynskjer. Eit anna døme er mangel på bustader grunna stor etterspurnad etter fritidsbustader. Eit tredje er at etterspurnad etter nye bustadar kjem i konflikt med jordvern, mål om samordna samfunnsplanlegging eller risiko for flaum og flo.

Stadig fleire eldre i landet klarer seg utan tenester. Korleis skal Askvoll få til ein sirkulasjon av bustader for ulike livsfasalar, få ned den store finansielle risikoen ved å kjøpe/byggje hus i distriktet og skaffe fleire eigna bustader for eldre?

Ein betre bustadpolitikk og betre lokalsamfunn kan bidra til at endå fleire kan klare seg utan kommunale tenester. Spørsmålet vert korleis innbyggjarar i alderen 67-79 år kan gjere gode bustadval slik ar dei kan fortsette å klare seg sjølv også etter fylte 80 år, og kva dette vil krevje av nybygging og bustadutvikling i Askvoll. Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal.